Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

# Møteinnkalling

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen** |
| **Møtestad:** | Bessheim turisthytte |
| **Dato:** | 12.09.2024 |
| **Tidspunkt:** | 10:00 |

Eventuelt forfall må meldes snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

# Saksliste

| Utvalgs-saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv-saksnr |
|---|---|---|---|
| | Referatsaker | | |
| RS | Besseggløpet - Rapport 2024 | | 2023/10483 |
| ST 33/2024 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 34/2024 | Referatsaker | | |
| RS | Jotunheimen NP - Henvendelse angående sikkerhet på Knutshøe - Siri Ann Lorentzen | | 2024/8417 |
| RS | Vedtak i klagesak om bruk av snøskuter for vurdering av skredfare i Jotunheimen nasjonalpark - Oversending for vurdering | | 2023/14852 |
| RS | Høring - NOU 2024: 10 - ny motorferdsellov - lov om motorferdsel i utmark og vassdrag | | 2024/6397 |
| ST 35/2024 | Delegerte vedtak | | |
| 15/2024 | Søknad - Jotunheimen NP - etablering av teltleir med lavvoer vest for Gjende - Stiftelsen Phoenix Haga | | 2024/5631 |
| 16/2024 | Delegert vedtak - Endring av dato - Jotunheimen NP - dispensasjon - 2024 - teltleir ved for Gjende - Stiftelsen Phoenix Haga | | 2024/5631 |
| 17/2024 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - barmark - transport til Glitterheim - Lom Pensjonistlag | | 2024/6984 |
| 18/2024 | Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Bruk av helikopter for transport av stokk til bru - Gravdalen - Årdal Turlag | | 2024/7025 |
| 19/2024 | Utladalen LVO - Dispensasjon - 2024 - Uttak av torv til Storeselet - DNT Oslo og Omegn | | 2023/15221 |
| 20/2024 | Utladalen LVO - Dispensasjon - 2024 - Uttak av torv til tak på bygninger i Lauvhaugen - Lars Ove Skorpen | | 2024/7205 |
| 21/2024 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Delvis innvilgelse av dispensasjon - 2024 - drone - TV-serie - Lars Monsen besøker nasjonalparker - NRK | | 2024/7497 |
| 22/2024 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - helikopter - transport av vedomn og torv til tak - Gjertvasshytta - Luster Austre Fjellstyre | | 2024/6936 |
| 23/2024 | Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2024 - Bruk av drone for filming - Visit Sognefjord | | 2024/7552 |
| 24/2024 | Permit to arrange Troll challenge in Norway in Utladalen on the 15.th of August 2024 | | 2024/6364 |

| | | |
|---|---|---|
| 25/2024 | Delegert vedtak - Utladalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024-25 - helikopter - Hytte ved Kyrkjevatnet - Årdal JFF | 2024/6026 |
| 26/2024 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - båt på Russvatnet - transport i samband skadefelling jerv - Vågå kommune | 2024/9406 |
| 27/2024 | Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen NP - forlenging av løyve til transport av materialar og utstyr | 2024/6024 |
| 28/2024 | Delegert sak - Jotunheimen NP og Utladalen LVO - Dispensasjon - 2024 - Motorferdsel - Helikoptertransport for vedlikehald av bru i Storutladalen - DNT Oslo og Omegn | 2024/9210 |
| 29/2024 | Delegert vedtak - delvis avslag - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - drone - produksjon av TV-program - Nordisk Banijay AS | 2024/8774 |
| 30/2024 | Delegert vedtak - Tillatelse - Utladalen landskapsvernområde - 2024 - Transport av utstyr på Vettisvegen til Lauvhaugen - Berit Bruvik | 2024/7871 |
| 31/2024 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - helikopter - etterfylling på Skagastølsbu etter redningsaksjon - DNT Oslo og Omegn | 2024/8580 |
| 32/2024 | Befaringsrapport Status og endringsmelding Nr 2 Memurubu Minikraftverk | 2018/618 |
| 33/2024 | Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2024 - Merking av løype Spiterstulen/Galdhøpiggen i samband med stafettløp - iProduksjon v/Kristin Skivik | 2024/9080 |
| 34/2024 | Utladalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - gravemaskin - vedlikehald av høgspenstlinje Vettislinja - Straumnett AS | 2024/5896 |
| 35/2024 | Delegert sak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - 2024 - Motorferdsel - Transport av materialar og utstyr på Vettisvegen - Stokk og Stein AS | 2024/9216 |
| 36/2024 | Delegert vedtak - Tillegg - Utladalen LVO - dispensasjon - Motorferdsel 2024 - oppføring av solcelleanlegg på hytte i Koldedalen - Hydro Energi AS | 2023/14705 |
| ST 36/2024 | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Delegeringsreglement | 2024/2193 |
| ST 37/2024 | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - status og omdisponering av midlar til tiltak - 2024 | 2023/14151 |
| ST 38/2024 | Jotunheimen nasjonalpark - dispensasjon - 2025 - organisert ferdsel - Styggedalsbreen - Bre | 2024/9409 |
| ST 39/2024 | Jotunheimen NP - Avslag på søknad om dispensasjon - 2025 - Bruk av drone for filming - Visit Sognefjord | 2024/7552 |

| | | |
|---|---|---|
| ST 40/2024 | Jotunheimen NP – dispensasjon – motorferdsel - 2024-2025 - restaurering av gamle Vågåbue - Vågå Fjellstyre | 2024/8247 |
| ST 41/2024 | Utladalen LVO - Dispensasjon - 2024 - Bruk av torv fra Dovre til tak på bygg i Lauvhaugen - Lars Ove Skorpen | 2024/7205 |
| ST 42/2024 | Eventuelt | |

**Besseggløpet - Rapport 2024 2023/10483**
**ST 33/2024 Godkjenning av innkalling og dagsorden**
**ST 34/2024 Referatsaker**
**Jotunheimen NP - Henvendelse angående sikkerhet på Knutshøe - Siri Ann Lorentzen 2024/8417**
**Vedtak i klagesak om bruk av snøskuter for vurdering av skredfare i Jotunheimen nasjonalpark - Oversending for vurdering 2023/14852**
**Høring - NOU 2024: 10 - ny motorferdsellov - lov om motorferdsel i utmark og vassdrag 2024/6397**
**ST 35/2024 Delegerte vedtak**
**15/2024 Søknad - Jotunheimen NP - etablering av teltleir med lavvoer vest for Gjende - Stiftelsen Phoenix Haga 2024/5631**
**16/2024 Delegert vedtak - Endring av dato - Jotunheimen NP - dispensasjon - 2024 - teltleir ved for Gjende - Stiftelsen Phoenix Haga 2024/5631**
**17/2024 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - barmark - transport til Glitterheim - Lom Pensjonistlag 2024/6984**
**18/2024 Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Bruk av helikopter for transport av stokk til bru - Gravdalen - Årdal Turlag 2024/7025**
**19/2024 Utladalen LVO - Dispensasjon - 2024 - Uttak av torv til Storeselet - DNT Oslo og Omegn 2023/15221**
**20/2024 Utladalen LVO - Dispensasjon - 2024 - Uttak av torv til tak på bygninger i Lauvhaugen - Lars Ove Skorpen 2024/7205**
**21/2024 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Delvis innvilgelse av dispensasjon - 2024 - drone - TV-serie - Lars Monsen besøker nasjonalparker - NRK 2024/7497**
**22/2024 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - helikopter - transport av vedomn og torv til tak - Gjertvasshytta - Luster Austre Fjellstyre 2024/6936**
**23/2024 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2024 - Bruk av drone for filming - Visit Sognefjord 2024/7552**
**24/2024 Permit to arrange Troll challenge in Norway in Utladalen on the 15.th of August 2024 2024/6364**
**25/2024 Delegert vedtak - Utladalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024-25 - helikopter - Hytte ved Kyrkjevatnet - Årdal JFF 2024/6026**
**26/2024 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - båt på Russvatnet - transport i samband skadefelling jerv - Vågå kommune 2024/9406**
**27/2024 Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen NP - forlenging av løyve til transport av materialar og utstyr 2024/6024**
**28/2024 Delegert sak - Jotunheimen NP og Utladalen LVO - Dispensasjon - 2024 - Motorferdsel - Helikoptertransport for vedlikehald av bru i Storutladalen - DNT Oslo og Omegn 2024/9210**
**29/2024 Delegert vedtak - delvis avslag - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - drone - produksjon av TV-program - Nordisk Banijay AS 2024/8774**
**30/2024 Delegert vedtak - Tillatelse - Utladalen landskapsvernområde - 2024 - Transport av utstyr på Vettisvegen til Lauvhaugen - Berit Bruvik 2024/7871**
**31/2024 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - helikopter - etterfylling på Skagastølsbu etter redningsaksjon - DNT Oslo og Omegn 2024/8580**
**32/2024 Befaringsrapport Status og endringsmelding Nr 2 Memurubu Minikraftverk 2018/618**
**33/2024 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2024 - Merking av løype Spiterstulen/Galdhøpiggen i samband med stafettløp - iProduksjon v/Kristin Skivik 2024/9080**
**34/2024 Utladalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - gravemaskin - vedlikehald av høgspenstlinje Vettislinja - Straumnett AS 2024/5896**

# Saksframlegg

**Arkivsaksnummer:** 2024/2193-1 **Saksbehandlar:** Kari Sveen **Dato:** 05.09.2024

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 36/2024 | 12.09.2024 |

# Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Delegeringsreglement

## Innstilling frå forvaltar

1. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen delegerer avgjerdsmakta for følgjande enkeltsaker til Arbeidsutvalet:

- Hastesaker som krev avgjerd før det er aktuelt å kalle inn heile styret og der forvaltningsplanen tilseier at løyve kan/bør gjevast
- Irreversible tiltak som byggjetiltak og terrenginngrep vert i utgangspunktet ikkje delegert, men AU kan i hastesaker likevel kunne behandle mindre tiltak som t.d. fasadeendring og mindre vesentlege terrenginngrep eller tilpassingar på eksisterande bygg og anlegg. Det er ein føresetnad at slike tiltak ikkje kjem i konflikt med verneverdiane,

2. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev nasjonalparkforvaltarane myndigheit til å treffe vedtak i følgjande saker av kurant karakter:

- Saker om motorferdsel etter dei spesifiserte dispensasjonsheimlane i verneforskriftene for Jotunheimen NP og Utladalen LVO.
- Mindre vesentlege tiltak som som kjem inn under dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskriftene § 3 pkt. 1.3, som legging av klopper og oppsetting av skilt/vegvisarpilar langs etablerte stiar, samt naudsynte tiltak i samband med forvaltning av artar.
- Saker etter naturmangfaldlovas § 48:
  a) når vedtaket gjeld fornying av tidlegare dispensasjon gjeve av nasjonalparkstyret eller arbeidsutvalet dersom føresetnadene for løyvet er tilnærma uendra,
  b) når det ligg føre ein etablert forvaltningspraksis frå saker behandla av nasjonalparkstyret eller arbeidsutvalet i tilsvarande saker og
  c) når forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet av søknadsbehandlinga.
- Treffe vedtak i samråd med styreleiar når ei sak hastar fordi det er fare for skade eller annan negativ påverknad på verneverdiane; for eksempel stans av ulovleg forhold, pålegg om retting eller direkte gjennomføring.
- Behandle søknader om, eller på eige tiltak, endre fristar som er fastsett av nasjonalparkstyret.
- Gje utsetting av klagefrist etter forvaltningslova § 29 fjerde ledd.
- Gjera vedtak om utsatt gjennomføring etter forvaltningslova § 42.
- Gjera vedtak om oversending av saker til Miljødirektoratet med tilråding om å ilegge overtredelsesgebyr, etter at sak av tilsvarande karakter har vorte behandla av styret eller arbeidsutvalet.

- Oppfølging av ulovlege forhold der styret har behandla tilsvarande saker tidlegare ved å melde saka til politiet.

3. Delegeringa i medhald av pkt. 2, første kulepunkt, har følgjande unntak:
   Dei større fleirårige løyva for motorferdsel til turisthyttene og Gjendebåten skal framleis leggjast fram for styret. Samla omfang av ferdsel knytt til desse løyva utgjer storparten av motorferdsla i Jotunheimen, og det er nyttig å ha ein samla gjennomgang av desse i kvar styreperiode for å kunne vurdere endra behov som oppstår over tid, og å fange opp eventuelle uheldige effektar og justere innhaldet i løyva ved behov. Dette gjev samstundes styra god innsikt i samla motorisert aktivitet og forholdet til verneverdiane.

4. Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Slik drøfting skal gå fram av saksutgreiinga dersom forvaltar fattar delegert vedtak i saka.

5. Alle vedtak fatta av Arbeidsutvalet og nasjonalparkforvaltarane på vegne av Nasjonalparkstyret skal vere i tråd med naturmangfaldlova, verneforskriftene og forvaltningsplan.

6. Delegerte vedtak skal refererast for styret i komande møte.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Sak 20/2016 - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen – Delegeringsreglement
- Verneforskrifter av 14.11.14 for Jotunheimen NP og Utladalen LVO
- Reviderte vedtekter av 19.01.2024 *Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer oppnevnt i medhold av naturmangfoldloven § 62*
- Miljødirektoratet - M-2692|2024 - *Oppfølgning av ulovlige forhold i verneområder*

## Saksopplysningar

Verneforskriftene gjev rammene for nasjonalparkstyret si forvaltning av verneområda.

Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyre gjev rammer for arbeidet i styret, og har heimlar for delegering. Det er styret sjølv som avgjer i kva grad dei ønskjer å delegere avgjerdsmynde til høvesvis forvaltarar og arbeidsutval, innan rammene sett i styrevedtektene pkt. 6.3. og 6.9:

*«6.3 Delegere myndighet til forvalter*

*Nasjonalpark-/verneområdestyret kan gi forvalteren myndighet til å treffe vedtak og beslutninger i følgende sakstyper på vegne av styret:*

1. *Behandle søknader om ferdsel og om motorferdsel etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser.*
2. *Behandle søknader etter verneforskriftenes øvrige spesifiserte dispensasjonsbestemmelser og etter naturmangfoldloven § 48:*
   *a) når vedtaket innebærer fornying av tidligere dispensasjon som er gitt av nasjonalpark-/verneområdestyret eller arbeidsutvalget dersom forutsetningene for tillatelsen er tilnærmet uendret,*
   *b) når det foreligger en etablert forvaltningspraksis fra saker behandlet av nasjonalpark-/verneområdestyret eller arbeidsutvalget i tilsvarende saker og*
   *c) når forvaltningsplan gir entydige føringer for utfallet av søknadsbehandlingen.*

3. *Treffe vedtak i samråd med styreleder når en sak haster fordi det er fare for skade eller annen negativ påvirkning på verneverdiene, for eksempel stans av ulovlig forhold, pålegg om retting eller direkte gjennomføring.*
4. *Behandle søknader om, eller på eget tiltak, endre frister som er fastsatt av nasjonalpark-/verneområdestyret.*
5. *Gi utsettelse av klagefrist etter forvaltningsloven § 29 fjerde ledd.*
6. *Treffe beslutning om utsatt iverksettelse etter forvaltningsloven § 42.*
7. *Beslutte oversendelse av saker til Miljødirektoratet med anbefaling om å ilegge overtredelsesgebyr.*

*Beslutningen om å delegere myndighet til forvalter må gjøres skriftlig og det må fremgå hvilken delegert myndighet forvalter har. Beslutning om delegert myndighet skal publiseres på nasjonalpark-/verneområdestyrets nettsider.*

### *6.9 Opprettelse av et arbeidsutvalg*

*Nasjonalpark-/verneområdestyret kan nedsette et arbeidsutvalg bestående av medlemmer fra nasjonalpark-/verneområdestyret.*

*Nasjonalpark-/verneområdestyret kan gi arbeidsutvalget myndighet til å treffe vedtak etter naturmangfoldloven og verneforskriftene i enkeltsaker som ikke er av stor betydning for verneverdiene. Arbeidsutvalgets vedtak skal treffes innenfor rammen av prinsipper fastsatt av styret for de ulike saksområdene i forvaltningsplan eller andre retningslinjer og i samsvar med naturmangfoldloven og verneforskriften.»*

Nasjonalparkstyret gjorde i møte 11. mai 2016 slik vedtak om delegering:

---

1. *Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen delegerer avgjerdsmakta for følgjande enkeltsaker, som ikkje er i konflikt med verneverdiane, til Arbeidsutvalet:*

- *Hastesaker som krev avgjerd før det er aktuelt å kalle inn heile styret og der forvaltningsplanen tilseier at løyve kan/bør gjevast*
- *Irreversible tiltak som byggjetiltak og terrenginngrep vert i utgangspunktet ikkje delegert, men AU kan i hastesaker likevel kunne behandle mindre tiltak som t.d. fasadeendring og mindre vesentlege tilpassingar på eksisterande bygg og anlegg.*

2. *Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev nasjonalparkforvaltarane myndigheit til å treffe vedtak i følgjande saker av kurant karakter:*

- *Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane om ferdsel og motorferdsel i verneforskriftene - med unntak av dei store, fleirårige samleløyva som framleis skal liggje under styret (gjeld DNT, private turisthytter og Gjendebåten).*
  *Delegeringa omfattar desse punkta i § 3 pkt. 6.3. i verneforskrift for Jotunheimen:*
  *a), b), d) e), f), i), k), q), r), s) og t)*
  *og desse punkta under § 3 pkt. 6.3. i verneforskrift for Utladalen:*
  *a), b), c), d), e), f), g), i), j), k), l), m), n), o) og p).*

- *Saker etter verneforskriftenes andre spesifiserte dispensasjonsreglar og etter naturmangfaldlova § 48 der:*
  *a) Det dreiar seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.*
  *b) Det er etablert forvaltningspraksis frå tilsvarande saker behandla av styret/AU.*
  *c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.*

  *Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Dette skal gå fram av saksutgreiinga dersom forvaltar fattar delegert vedtak i saka.*

3. *Alle vedtak fatta av Arbeidsutvalet og nasjonalparkforvaltarane på vegne av Nasjonalparkstyret skal vere i tråd med naturmangfaldlova, verneforskriftene og forvaltningsplan. Delegerte vedtak skal refererast for styret i komande møte.*

Ved behandling av saka i møte 11.05.2016 vart følgjande presisert:

*«Styreleiaren gav uttrykk for at sakene bør ha god forankring i styret, og at ein dermed må vera nøye på å nytte delegering berre for rutineprega saker der det er godt etablert praksis og i saker der det er hastar med avgjerd.»*

---

# Heimelsgrunnlag

## Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert frå 01.01.2020. NP-styret har i møte 11. mai 2016 delegert til nasjonalparkforvaltar å gjera vedtak i kurante saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane og i saker etter nml § 48 med etablert forvaltningspraksis. Det er dette vedtaket som nå blir teke opp til revisjon.

## Styrevedtekter / Verneformål – forskrifter

Pkt. 6.3.1 i styrevedtektene opnar for delegering til forvaltar i «*søknader om ferdsel og om motorferdsel etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser.»*
Dette omfattar dei spesifiserte heimlane i verneforskriftene § 3 pkt. 6.3 og pkt. 5.

<u>Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark datert 14.11.14, § 3 Pkt. 6.3:</u>
*Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til*:

a) *Øvingskøyring for formåla som er nemnde i pkt. 6.2 a).*
b) *Motorferdsel på vinterføre, på veg eller med luftfartøy i samband med husdyrhald, vedhogst og utøving av bruksrett som gjeld fiskekultivering.*
c) *Bruk av beltekøyrety på vinterføre eller luftfartøy for transport av brensel, proviant, varer og utstyr til turisthytter, hytter og setrer.*
d) *Motorferdsel på veg og bruk av luftfartøy i samband med reindrift.*
e) *Motorferdsel på Glitterheimsvegen for transport av brensel, proviant, varer og utstyr til Glitterheim turisthytte, samt transport av funksjonshemma.*
f) *Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar.*
g) *Drift av rutebåt på Gjende i samsvar med forvaltningsplan.*
h) *Bruk av motorbåt på Gjende for drift av turisthytter, medrekna transport av personale, i samsvar med forvaltningsplan.*
i) *Bruk av båt med motor på inntil 10 hk på Gjende for hytteeigarar ved Gjendebu og Leirungsåe.*
j) *Bruk av motorbåt med hastigheit høgare enn 8 knop på Gjende, i samsvar med forvaltningsplan.*
k) *Bruk av beltekøyrety på vinterføre for utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper.*
l) *Bruk av traktor på traktorvegar for transport av varer og utstyr til drifta av turisthyttene Memurubu og Gjendebu.*
m) *Transport 2 gonger i veka på vinterføre av gjester som ligg fast, til turisthyttene Memurubu, Gjendebu og Glitterheim i samsvar med forvaltningsplan.*
n) *Oppkøyring av skiløype på Fanaråkbreen i samsvar med forvaltningsplan.*

o) *Køyring på barmark med traktor eller beltekøyretøy i samband med vedlikehald og reparasjon av kraftanlegg til Memurubu.*
p) *Motorferdsel på vegen i Gravdalen i andre høve enn føremål som nemnt i pkt. 6.2 k), i samsvar med forvaltningsplan.*
q) *Motorferdsel på vinterføre, på vegen i Gravdalen eller med luftfartøy i samband med tilsyn og vedlikehald av Tyin kraftverk.*
r) *Naudsynt motorferdsel for tiltak i samband med forvaltning av artar etter pkt. 1.3 m) og 3.2 b).*
s) *Bruk av snøskuter i samband med snømålingar.*
t) *Bruk av traktor på traktorvegar i Memurubu og Gjendebu til transport av gjerdemateriell ved beitebruk.*

Forskrift om Utladalen landskapsvernområde datert 14.11.14, § 3 pkt. 6.3:

*Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:*

*Bruk av båt med motor, beltekjøretøy på vinterføre, bil på Koldedalsvegen og Vettisvegen eller luftfartøy i samband med;*

a) *Øvingskøyring som er nemnd under pkt. 6.2.a).*
b) *Husdyrhald.*
c) *Vedhogst.*
d) *Uttransport av felt elg, hjort og rein.*
e) *Fiske.*
f) *Transport av varer, brensel, proviant og utstyr inn til turisthytter, hytter og setrar.*
g) *Transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretningar.*
h) *Transport av personale for drift av turisthytter, i samsvar med forvaltningsplan.*
i) *Skogsdrift som er godkjent i medhald av pkt 2.4.*
j) *Utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper.*
k) *Naudsynt motorferdsel for tiltak i samband med forvaltning av artar etter pkt. 1.3 o) og 3.2 b).*
l) *Motorferdsel på Gravdalsvegen og Vettisvegen i andre høve enn nemnt i pkt. 6.2 g) og h)*
m) *Motorferdsel på vinterføre, på vegane i Gravdalen og Koldedalen eller med luftfartøy, i samband med tilsyn og vedlikehald Tyin kraftverk.*
n) *Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for tilsyn med 22 kV høgspentlinje (vest for Tyin).*
o) *Motorferdsel i samband med oppgradering/fornying av kraftanlegg og kraftlinjer.*
p) *Bruk av snøskuter i samband med snømålingar.*

Delegering kan også omfatte mindre vesentlege tiltak etter definerte dispensasjonsheimlar i § 3 pkt. 1.3, der det ligg føre ein etablert praksis. Det fleste fysiske tiltak bør behandlast av nasjonalparkstyret, men enkelte mindre tiltak kan delegerast til arbeidsutvalet ved behov. Berre dei som er markert med gult er vurdert som særleg aktuelle for delegering til administrasjonen:

Jotunheimen:

*1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:*

a) *Ombygging og mindre utviding av eksisterande bygningar.*
b) *Oppføring av nye bygningar og innretningar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken i samsvar med forvaltningsplan.*
c) *Gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er øydelagde ved brann eller naturskade.*
d) *Bygging av bruer og legging av klopper.*
e) *Oppsetting av skilt, vegvisarpilar, merking av nye stiar og kvisting av nye løyper.*
f) *Oppsetting av gjerde.*
g) *Større endringar i seterdrifta i samsvar med forvaltningsplan.*
h) *Oppføring av bygningar i medhald av fjellovas § 35 i samsvar med forvaltningsplan.*
i) *Bruksendring av eksisterande bygningar.*
j) *Oppgradering/fornying av kraftanlegg og kraftlinjer som ikkje fell inn under pkt. 1.2 h.*
k) *Riving av bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same størrelse og for same bruk i samsvar med forvaltningsplan.*
l) *Opplag av båtar som ikkje er i samsvar med forvaltningsplan.*
m) *Naudsynte tiltak i samband med forvaltning av artar.*

Utladalen
*Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*
a) *Ombygging og utviding av eksisterande bygningar, anlegg og innretningar.*
b) *Oppføring av mindre bygningar og innretningar som er naudsynte for drift av turisthytter i landskapsvernområdet i samsvar med forvaltningsplan.*
c) *Gjenoppføring av bygningar, anlegg, steinmurar og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.*
d) *Bygging av bruer og legging av klopper.*
e) *Merking av nye stiar, oppsetting av skilt og vegvisarpilar og kvisting av nye løyper.*
f) *Riving av bygningar som pregar landskapet sitt særpreg eller karakter.*
g) *Oppføring av nye bygningar, gjerde, anlegg og innretningar som er naudsynte for jord- og skogbruk.*
h) *Uttak av sand til eigen bruk.*
i) *Oppføring av bygningar i medhald av fjellovas § 35 i samsvar med forvaltningsplan.*
j) *Oppføring av ei hytte på Vettismorki, tilhøyrande Vetti gard, jf. Kongelig resolusjon 05.12.1980.*
k) *Istandsetting av seterhus i samsvar med forvaltningsplan.*
l) *Uttak av masse for vedlikehald av Vettisvegen.*
m) *Oppgradering/fornying av kraftanlegg og kraftlinjer som ikkje fell inn under pkt. 1.2 h.*
n) *Riving av bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk i samsvar med forvaltningsplan.*
o) *Naudsynte tiltak i samband med forvaltning av artar.*

Vidare opnar styrevedtektene for at delegeringa kan omfatte annan ferdsel som vist til i kap. 5 i forskriftene, men her bør det ligge føre ein revidert forvaltningsplan som gjev overordna føringar for organisert ferdsel, eller styrebehandling av tilsvarande saker som etablerer ein praksis på området, før ein gjer noko vedtak om delegering.

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen gjev utfyllande retningslinjer til verneforskriftene, og er eit nyttig hjelpemiddel for vurdering av om ei sak er kurant eller ikkje. Forvaltningsplanutkast frå 2008 blir brukt som eit rettleiande dokument inntil ny plan vert godkjent.

## Vurdering

Delegering har gjennom fleire år vore praktisert i tråd med vedtaket i sak 20/2016. Ordninga har fungert godt, men ein manglar delegering i høve til oppfølging av ulovlege forhold. Her har det kome nytt rundskriv; M-2692|2024 - *Oppfølgning av ulovlige forhold i verneområder –*

[Oppfølgning av ulovlige forhold i verneområder (nasjonalparkstyre.no)](). Retningslinene her skal følgjast dersom ulovlege forhold skal følgjast opp.

Det er uansett nyttig for eit nytt styre å setja seg inn i kva delegeringa omfattar, og gjera dei endringane dei måtte ønskje ut ifrå si rolle som forvaltningsstyresmakt.

Delegering av myndigheit til Arbeidsutvalet i tråd med pkt. 6.9 i styrevedtektene vil gje raskare behandling av små tiltak og hastesaker som ikkje er av slik karakter at dei kan/bør delegerast til administrasjonen, men som krev noko politisk skjønn. Dette gjeld i første rekke saker som sorterer under forskriftene § 3 pkt. 1.3.

Delegering av myndigheit til nasjonalpark-/verneområdeforvaltar kan gje enklare og raskare behandling av rutineprega saker. Dette gjeld spesielt saker knytte til motorferdsel, der det regelmessig vert behandla relativt mange enkeltløyve etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskriftene.

Punkt 6.3 i styrevedtektene opnar for at forvaltarane kan gjevast myndigheit til å behandle alle typar søknader om ferdsel og motorferdsel etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskriftene. Sidan sist det vart gjort vedtak om delegering, har vi fått ei mengd saker som gjeld bruk av drone. For denne bruken er det ingen spesifisert unntaksheimel i forskriftene, og dronesakene må difor behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen som er avløyst av naturmangfaldslova § 48. Ettersom det her har vorte behandla ei rekkje saker, er det etablert ein forvaltningspraksis som gjer at styret har vurdert det som kurant at forvaltarane behandlar dronesaker der det er gjort vedtak i tilsvarande saker.

Punkta i verneforskriftene som viser til forvaltningsplanen bør hovudsak behandlast politisk – enten av styret eller av AU, så lenge revidert plan ikkje er godkjend. Forvaltningsplanen skal setja rammer for korleis enkeltsaker skal handterast. Samla omfang av ferdsel må ikkje vere i strid med verneformålet, reglane i naturmangfaldlova og ein godkjend forvaltningsplan.

Forvaltningsplanen frå 1998 er ikkje oppdatert i høve til føringar som har kome til dei seinare åra (ny forskrift, overordna politikk). Den gamle planen frå 1998 vart teken opp til revisjon i samband med revisjon av verneforskriftene, men tilråding til ny plan frå 2008 etter avslutta høyringsprosess vart sendt tilbake for omarbeiding/revisjon da mange forhold hadde endra seg i åra som gjekk frå høyringsprosess til vedtak om reviderte forskrifter. Ny revisjon er under arbeid. Fram til ny forvaltningsplan er endeleg godkjend, er det naturleg å legge til grunn retningslinene som er gitt i utkastet til forvaltningsplan frå 2008, så langt dei passar. I tillegg kjem den etablerte praksisen som er forma av tilsvarande saker som er behandla av nasjonalparkstyret.

I tidlegare sak om delegering frå 2016 vart det lagt til grunn at dei større fleirårige samleløyva for motorferdsel er av slik omfang at dei bør leggjast til politisk behandling når dei skal opp til revisjon (gjeld DNT, dei private turisthyttene og Gjendebåten). Denne praksisen blir tilrådd vidareført.

Klagesaker

Ved klage skal forvaltningsorganet vurdere saka på nytt før den eventuelt blir sendt vidare til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd. Prinsipielt kan den som har delegert myndigheit gjera denne vurderinga i tråd med det som er delegert. Saka bør likevel leggjast fram for nasjonalparkstyret før ein sender saka vidare til Miljødirektoratet som klageorgan. I saker som krev rask avgjerd kan AU vurdere saker med administrativt vedtak som blir påklaga.

## Konklusjon

Det blir tilrådd delegering av enkeltsaker til forvaltarane slik reviderte styrevedtekter opnar for, men dei større fleirårige løyva for motorferdsel bør framleis leggjast fram for styret. Samla omfang av ferdsel knytt til desse løyva utgjer storparten av motorferdsla i verneområda, og det er nyttig å ha ein samla gjennomgang av desse i kvar styreperiode for å

kunne vurdere endra behov som oppstår over tid, og å fange opp eventuelle uheldige effektar og justere innhaldet i løyva ved behov. Dette gjev samstundes styra god innsikt i næringsaktivitet og forholdet mellom bruk og verneverdiar.

Der ein er i tvil om delegeringsfullmakta bør brukast, må ein konferere med styreleiar og eventuelt kalle inn arbeidsutvalet framfor bruk av administrativ behandling.

# Saksframlegg

**Arkivsaksnummer:** 2023/14151-6 **Saksbehandlar:** Kari Sveen **Dato:** 04.09.2024

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 37/2024 | 12.09.2024 |

# Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - status og omdisponering av midlar til tiltak - 2024

## Innstilling frå forvaltar

Budjetterte midlar til oppgradering og sikringstiltak på sti Vetti-Vettismorki blir omdisponert til andre stitiltak, da ein treng nærare avklaringar om ansvarsforhold ved bruk av rekkverk. Tiltak på denne stien blir teke opp til ny vurdering etter synfaring med fagperson våren 2025. Etter førebels kostnadsoverslag blir midlane fordelt slik:

Fullføring av klopplegging Øvre Leirungsdalen v/ Vågå fjellstyre: inntil 100.000

Besseggstien opp frå Memurubu og andre stiar ved Gjende v/ Lom fjellstyre: inntil 100.000

Oppgradering/utskifting av tavler på natursti langs Gjende ca 200.000

Nye skilt om Knutshøe, med tanke på vanskegrad og omsyn til verneverdiar: ca. 25.000

Til disposisjon øvrige reparasjonar på stinettet: ca. 25.000

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

Styresak ST 12/2024 *Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Prioritering av midlar til tiltak i verneområde - naturrestaurering - SNO-ressursar - 2024*

## Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret prioriterte dei løyvde tiltaksmidlane slik i sak 12/2024:

*Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer dei 1.100.000 kr. i tiltaksmidlar som er løyvd med økonomiansvar hos forvaltninga for 2024 slik:*

*A. Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. 1.100.000*
*Fullføre reparasjon av Bessegg-stien etter uværet «Hans» 650.000*
*Oppgradering og sikringstiltak på sti Vetti-Vettismorki 450.000*

*Forvaltarane har fullmakt til å gjera mindre interne omprioriteringar mellom tiltak dersom det blir meir eller mindre forbruk enn stipulert. Styret blir orientert i påfølgjande møte.*

Status:
Reparasjon av Besseggstien er fullført, til ein kostnad på ca. 640.000.

Når det gjeld planlagt oppgradering og sikringstiltak på stien opp frå Vetti trengst meir planlegging og vurdering av tiltaket, med tanke på ansvarforhold og type sikring. Vi har kontakt med ein som arbeider profesjonelt med sikringstiltak, og som vil vera med på ei synfaring til Vetti-Vettismorki våren 2025. Tiltaket må derfor utsetjast, og vi foreslår at dei avsette midlane i år blir omdisponert til andre stitiltak.

Det er behov for supplerande tiltak på våte parti på returen frå Knutshøe til Fv.51, og Vågå fjellstyre er viljuge til å gjera eit tilsvarande arbeid med klopplegging på dei gjenståande punkta på våtmarksterrenget i Øvre Leirungsdalen – jf. orientering i Rådgjevande utval.

Lom fjellstyre vil utføre rydding og kanalisering på Besseggstien opp frå Memurubu ved ekstra tenestekjøp, og utføre førebyggande tiltak mot erosjon på stiane i vestenden av Gjende. Etter eit par år med mykje nedbør har ein fleire plassar der vatnet samlar seg og renn etter stien.

I 2013 vart det opna ein natursti med utgangspunkt Gjendesheim/Gjendeosen. Naturstien mot Hamnsanden består av fire større tavler med nokså mykje informasjon på kvart punkt. Tavlene er ganske synlege i landskapet, og skilta må uansett oppdaterast til rett design i tråd med merkevaren. Det er og ønskjeleg med fornying etter meir enn 10 år.




Skilta med orientering om turen på Knutshøe bør fornyast til nytt design, og ein må samstundes vurdere plassering. Det er to skilt i dag, men det kan vera aktuelt med eit ekstra skilt ved gjerdklyvet, der det er ein naturleg stopp. Dette må vurderast saman med fjellstyret.

## Vurdering

Det er stadige behov for utbetring av stinettet på traffikkerte strekningar i Jotunheimen, og det er viktig å kunne nytte alle tildelte midlar der behovet er til stades. Alternativet er å returnere unytta ressursar. Vi har fleire aktuelle tiltak som står for tur så langt det er midlar.

Stitiltak Øvre Leirungsdalen/Gjendeområdet
Stitiltaka i Øvre Leirungsdalen er nødvendige for å hindre slitasje og mange parallelle stiar i dei våte partia. Det er mange som går her på tilbaketuren frå Knutshøe, og kloppleggingа vil beskytte våtmarka mot trakkskader. Vågå fjellstyre har utført eit godt arbeid i 2024/25, men vi ser at det framleis er våte parti som krev klopp for å unngå at stien stadig deler seg etter kvart som dei myrlendt partia blir opptrakka.

Gjende er den mest besøkte innfallsporten i Jotunheimen. Det kom svært mykje nedbør i Gjendeområdet under uværet Hans, og ekstra stitiltak i form av bortleiing av vatn og styrka kanalisering vil bidra til å førebygge ytterlegare erosjon.

<u>Natursti</u>
Naturstien Gjendesheim-Hamnsand er moden for oppgradering av innhald og endring til korrekt design. Dette arbeidet kan med fordel starte opp i haust, så langt det er ledige midlar.

Dei gamle tavlene blir foreslått utskifta med same type stolpar og skilt som på den nye naturstien langs Folkevegen i Utladalen (etablert av det nye nasjonalparksenteret i samarbeid med nasjonalparkforvaltinga), geologistien frå innfallsport Krossbu og inn i nasjonalparken ved Bøverbrean (etablert av Norsk fjellsenter i samarbeid med nasjonalparkforvaltninga), og kulturstien mellom Reinsvangen og Gjende som Norsk fjellsenter har laga. Dei nyare naturstiane har kortare informasjon spreidd på fleire punkt, og dette gjev truleg meir utbytte enn å få presentert store tavler med mykje informasjon på få punkt. Eksempel på enkle naturstipostar i tråd med ny mal:









Stien mellom Gjendesheim og Memurubu er ikkje merka, og det var ei dødsulykke med steinsprang der i sommar. Området med særleg bratt terreng og rasmark er vest for naturstien. Det kan kanskje vera aktuelt å informere om mogleg fare for steinsprang på stien vidare vestover frå enden av naturstien ved Hamnsanden, men det er bratt terreng og mogleg steinsprangfare så mange plassar i Jotunheimen at det er svært usikkert om ein bør begynne med slik skilting.

<u>Informasjon om turen over Knutshøe</u>

Det dukkar stadig opp ønskje om å merke Knutshøe, men avmerking av stien på turkart som merka sti vil snarare kunne bidra til å trekke fleire uerfarne folk opp i eit bratt og krevjande terreng – jf. vurderingar i sak 56/2015. Det synest ikkje vera noko problem med å følgje stien, da trakket langs ryggen er svært tydeleg. Men bodskapen om at turen er krevjande kan med fordel forsterkast, slik at det blir enda tydlegare at turen krev klyving i et par ekstra bratte parti og at siste kneika mot toppen kan opplevast krevjande dersom ein har litt høgdeskrekk. I tillegg bør ein informere om at det er svært lite ønskjeleg med ferdsel på vår og forsommar

pga. sårbare verneverdiar. Plassering av skilta og eventuell supplering av eit ekstra skilt kan og vurderast, sjå bilete/flyfoto. Tavlene må uansett fornyast i tråd med merkevaren.

Eksisterande skilt ved stistart og før første klyvepartiet mot Knutshøe har eit tydeleg bodskap, men skiltet i starten bør kanskje vera litt større og få ei meir synleg plassering.







Kartet viser mogleg plassering av eit ekstra skilt ved gjerdeklyv (raud sirkel)



**Konklusjon**
Midlane som vart sett av til utskifting av gamle rekkverk m.m. på stien opp frå Vetti blir omdispenerte til andre tiltak i år, for å få ei fagleg vurdering av ansvarsforhold m.m. før ein set i gang. Det bør søkast om midlar til å følgje opp denne stien i samråd med fagfolk i 2025.

Stitiltak rundt Gjende og i Øvre Leirungsdalen kan utførast 2024-25 saman med fjellstyra.

Nye skilt for Knutshøe og natursti langs Gjende kan produserast i haust, og plasserast ut ved sesongstart i 2025.

# Saksframlegg

**Arkivsaksnummer:** 2024/9409-2 **Saksbehandlar:** Eldrid Nedrelo **Dato:** 06.09.2024

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 38/2024 | 12.09.2024 |

# Jotunheimen nasjonalpark - dispensasjon - 2025 - organisert ferdsel - Styggedalsbreen – Breogfjell AS

## Innstilling fra forvalter

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen avslår søknaden fra Breogfjell AS om organisert ferdsel knytta til guida turer på Styggedalsbreen i perioden juni-midten av september. Avslaget er gjort med hjemmel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.2. Tiltaket er vurdert til å kunne være til skade for verneverdiene og verneformålet.

En dispensasjon vil kunne skape uheldig presedens og slik sett bidra til å påvirke verneverdier og verneformål i en negativ retning. Med henvisning til §§ 9 og 10 i naturmangfoldloven om føre-var-prinsippet og hensynet til økosystemtilnærming og samla belastning, blir det ikke gitt dispensasjon for gjennomføring av organiserte turer i sårbare områder for villrein, da dette vil skape uheldig presedens for seinere saker og medføre fare for stor samla belasning på de sårbare områdene over tid.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Søknad fra Breogfjell om organisert ferdsel på Styggebreen ved e-post av 26.08.2024

## Saksopplysninger

### Søknad ved e-post av 26.08.24

*«Her kommer en kort søknad om kommersielt bruk av vegen inn i Helgedalen med elsykkel for å ta seg inn å gå bretur på Styggedalsbreen.*

*Det vi ser for oss er tur med elsykkel fra Turtagrø hotel inn veien i Helgedalen, så gåtur siste biten til Styggedalsbreen og ferdsel på breen. Total tid for turen ca. 5-6 timer.*

*Maks 7 pers per gruppe,  5 dager i uken. 1 tur per dag. Midten av juni- midt september med hovedperiode juli og august.»*

Forvalter mottok e-post fra Breogfjell den 11.08.24 der det ble stilt spørsmål om kommersiell bruk av vegen inn Helgedalen og om det forelå noen utfordringer i forhold til deres planer når det gjaldt nasjonalparken. Forvalter svarte på e-posten den 18.08.24 og orienterte om reglene om organisert ferdsel i verneforskriften for nasjonalparken og formaliteter knyttet til en evt. dispensasjonssøknad.

Saka er sendt på høring til Villreinnemnda for Sogn og Fjordane, og vi har fått tilbakemelding om at nemnda vil komme med en uttale til saka. Uttalen vil bli referert i styremøtet ved behandling av denne saka.

::::::::::::::::::::::::::::::::::::::::::::::

Kartet nedenfor viser beliggenheten til Styggedalsbreen i Hurrungane. Sykkelturen inn Helgedalen er utenfor nasjonalparken, så det er de guida turene på Styggedalsbreen det må tas stilling til i denne saken.




# Hjemmelsgrunnlag

## Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhold av reviderte vedtekter gjeldende fra 19.01.2024. NP-styret har i møte 11. mai 2016 delegert til nasjonalparkforvalter å gjøre vedtak i kurante saker etter de spesifiserte dispensasjonsreglene og i saker etter naturmangfoldloven § 48 med etablert forvaltningspraksis. Behandling av saker etter verneforskriften § 3 pkt. 5.2 er ikke delegert til forvalter, og saken legges derfor fram for nasjonalparkstyret.

## Verneformål – forskrift

Formålet med vern av nasjonalparken er i følge verneforskrifta § 1:

*- - å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *- - -*
- *Leveområde for villreinen*

- *Kulturminne*
  *Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

  § 3 Vernereglar:

5.2 Organisert ferdsel

*Organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, eller ferdselsformer som kan skade naturmiljøet, må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Forvaltningsplanen skal avklare kva for ferdsel som krev løyve.*

Det er ikke noen spesifisert unntakshjemmel for denne typen ferdsel/ferdselsformer i verneforskrifta og organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet må derfor behandles etter naturmangfoldlova § 48.

## Forvaltningsplan (forslag 2008)

Utdrag fra kap 8.9. ORGANISERT FERDSEL

*Organisert ferdsel gjeld den ferdsla kommersielle firma innan reiselivet gjennomfører t.d. i form av fjellføring, fjellføring frå turisthytter og frivillige lag og organisasjonar si organiserte ferdsel, og dessutan ferdsel som skular og universitet o.a. har når dei ferdast som eit ledd i undervisninga i Jotunheimen og Utladalen. Ferdsel i verneområda er tillate. Etter framlegget til nye verneforskrifter er det forvaltningsplanen som skal fastsetje når organisert ferdsel treng særskilt løyve kan gå utover naturmiljøet og såleis treng eit løyve. - - - »*

*…*

*Organisert tradisjonell turverksemd til fots (og på ski) har lange tradisjonar i Jotunheimen, og er elles tillate så lenge det ikkje skader naturmiljøet og verneformålet..*

*Følgjande punkt definerer når det må søkjast om særskilt løyve til organisert ferdsel (turar) til fots eller på ski:*

- *Organisert ferdsel som omfattar meir enn 50 personar pr. tur. Langs merkte stiar er grensa 100 personar pr. tur*
- *Organisert ferdsel som vert marknadsført (førehandsannonsert) som fast eller regelmessig tilbod til same stad krev løyve (t.d. Galdhøpiggen, Smørstabbreen og Store Skagastølstind).*
  *Det kan då bli sett. tak på tal personar pr. tur pr. dag og totaltal personar gjennom sesongen.*
  *Rapporteringsplikt*
- *På snø og etter T-merkte stiar trengst berre løyve dersom organisert ferdsel vert så omfattande at det er eit arrangement (t.d. leir med mange telt/lavvo same stad i meir enn 3 dagar, jf. friluftslova)*
- *Større treningsopplegg, øvingar, jaktprøver, arrangement og konkurransar (sjå kap. 8.10) må ha særskilt løyve (sjå verneforskriftene). Ein leir o.l. vil bli rekna som arrangement dersom ein har meir enn 5 telt meir enn 3 døgn på same stad*
- *Fylkesmennene meiner det skal vere rapporteringsplikt for verksemder som har meir enn 200 personar på organisert ferdsel i verneområda gjennom eit kalenderår*
- *På turar som krev bruk av klatreutstyr er maks. grupppestorleik 15 personar (pga stor sårbarheit på vegetasjon) før det må søkjast om løyve*

*Ved vurdering av søknader vil fylkesmennene leggje vekt på om aktiviteten/ferdsla samsvarar/har tradisjon i området, t.d. om den gjekk føre seg før verneområda vart oppretta. ... I nokre område, der verneverdiane er særleg store og der omsynet til urørt natur veg*

*tungt, bør omfanget av ferdsel, og dermed også organisert ferdsel, avgrensast mest mogleg. Det er også eit poeng å ha nokre område der ferdsla så liten at den ikkje visast att på vegetasjonen for å ha slike område som type- og referanseområde.*

***Retningslinjer***

*Organisert ferdsel (medrekna undervisning og hundekøyring) er tillate så lenge det ikkje skadar naturmiljøet og kulturminne og omfanget ikkje er større enn det som er tillate etter forvaltningsplanen, jf. over. I brukssone og langs T-merkte stiar tengst ikkje søknad før organisert ferdsel er så omfattande at den må reknast som eit arrangement. I særleg sårbare område kan gruppestorleiken setjast lågare..*

Utdrag fra kap. 6.3 OMTALE AV SONEINNDELINGA I ULIKE DELAR AV JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE

I forvaltingsplan for Jotunheimen og Utladalen er områda delt inn i ulike soner etter grad av tilrettelegging. I de grønne sonene er det veldig streng dispensasjonspraksis, og en forsøker å holde disse områdene mest mulig intakte – både av hensyn til biomangfoldet, og av hensyn til det å beholde lite tilrettelagte områder der en kan oppleve naturen uten inngrep og forstyrrelser.

Sonene gjelder både for tekniske inngrep og ulike aktiviteter, f.eks. organisert ferdsel og arrangement.

Styggedalen og Styggdalsebreen ligger innenfor Teig 4 i såkalt grønn "vernesone" i forvaltingsplanen:




Overordna strategi for vernesona er *"Ressursane urørt natur, ro og stillheit skal prioriterast. Nye tiltak og inngrep skal i utgangspunktet ikkje skje."* I forvaltingsplanen under omtalen av

teig 4 i denne sona er det presisert at *«Hurrunganeområdet er viktig for villreinen. Det er difor viktig at det ikkje vert gjennomført tilretteleggingstiltak som fører til auka ferdsel, og at tiltaka medverkar til at ferdsla held seg på faste stader.»*

### Naturmangfoldloven

Naturmangfoldlova (nml) § 48 setter svært strenge krav til når en dispensasjon eventuelt kan vurderes, men åpner for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig».* Begge vilkår må være oppfylt. Dispensasjon *må* heller ikke gis om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instrukser fra overordna myndigheter spiller også inn.

Søknaden blir også vurdert etter mijlørettsprinsippene i naturmangfaldloven §§ 8-12.

### Presedens

Organiserte tradisjonelle fotturer til fots i Jotunheimen, og til toppene i Hurrungane har lange tradisjoner. Det er mange firma som driver guiding innen Jotunheimen nasjoanlpark. De fleste driver toppturer, klatreturer eller breturer. For å unngå uheldig presedensvirkning er det viktig å kanalisere aktiviteter til robuste deler av verneområdet. Det er i forvaltninga lagt vekt på at næringsvirksomhet som var etablert på vernetidspunktet skal kunne videreføres. Det å etablere nye aktiviteter må vurderes nøye ut ifra behovet for å bevare enkelte områder mest mulig uforstyrra.

Etter det forvaltninga kjenner til foregår det per i dag ikke faste, daglige guida turer på Styggedalsbreen i sesongen, men sporadisk guida turer kan forekomme for å nå/komme til andre topper i området.

Ved å gi tillatelse i denne saka vil vi måtte regne med å få flere henvendelser fra andre guidefirma som ønsker å gi tilsvarende tilbud, det kan være både i det samme området, eller i andre områder i grønn sone.

## Vurdering

Hjemmelen i verneforskrifta § 3 pkt. 5.2 om organisert ferdsel slår fast at organisert ferdsel som utgjør en mulig fare for skade på verneverdiene krever tillatelse fra forvaltningsmyndigheten. Regelen krever at det gjøres en konkret vurdering av om den aktuelle ferdselen er organisert og om ferdselen utgjør en mulig fare for skade. Det har ikke noen betydning hvor vidt aktiviteten er kommersiell eller ikke. Begrepet organisert ferdsel er ikke definert i verneforskriftene, men det er omtalt i forvaltningsplanen som referert ovenfor, og det er etablert praksis at organisert ferdsel er; ferdsel som har et visst omfang, er kunngjort på forhånd, har en form for gjentakelse og hvor det står en arrangør bak.

Breogfjell AS ønsker å gjennomføre organisert ferdsel i forbindelse med et nytt konsept i Jotunheimen, guida turer på Styggedalsbreen. Det søkes om gjennomføring av 1 tur per dag, fem dager i uka, med maks sju personer per gruppe. Turene planlegges gjennomført fra midten av juni til midten av september med hovedperiode i juli og august. Ut fra dette vurderes den planlagte aktiviteten å falle inn under begrepet organisert ferdsel.

Hensikten med søknadsplikten for slike aktiviteter er å legge til rette for at aktiviteten ikke kommer i konflikt med verneverdiene og å kanalisere ferdsel utenom de mest sårbare områdene.

Organisert tradisjonell turvirksomhet til fots (og på ski) har lange tradisjoner i Jotunheimen, og er ellers tillatt så lenge det ikke skader naturmiljøet og verneformålet. Det drives fjellføring til bestemte fjelltopper, føring over breer og føring mellom turisthyttene. I Jotunheimen ligger det godt til rette for både å kunne tilby og å drive organisert og uorgansiert friluftsliv. Fordelen

med organiserte former er at disse kan styres til bestemte områder som tåler trafikk, samt muligheter for effektiv informasjon og naturveiledning.

Å ta vare på villreinens leveområde er et viktig verneformål med vernet av Jotunheimen nasjonalpark, og villreinen er en art som er sårbar for ferdsel. Den har også krav til store beiteareal sommer og vinter, uforstyrra kalvingsområde, frie trekkveger og tilgang på «reserveområder». Villreinen i høyfjellet søker gjerne opp på snøfenner på varme dager for å kjøle seg ned og for å komme bort fra plagsomme insekter.

Styggedalsbreen ligger i Hurrungane, i grønn sone vist som teig 4 uten ny tilrettelegging eller inngrep i forvaltingsplanen, og i omtalen av teig 4 står det bl.a.: *«Hurrunganeområdet er viktig for villreinen. Det er defor viktig at det ikkje vert gjennomført tilretteleggingstiltak som fører til auka ferdsel, og at tiltaka medverkar til at ferdsla held seg på faste stader.»*

Anmarsjen til Styggedalsbreen er i inngangen til Styggedalen. I Styggedalen var det tidligere en DNT merka sti hvor merkinga blei fjerna i 1999 som et villreintiltak. Det er fremdeles en del ferdsel i dette dalføret, men forvaltninga er ikke kjent med at det foregår organiserte turer i dette området i dag. Oppstart av nye tilbud vil kunne danne presedens for andre liknende tilbud, og dermed medføre økt ferdsel i et område som hittil har representert ei fredelig sone der villreinen kan finne ro og ha sjansen til å bygge opp kroppsreserver som trengs for vinteren. Omsøkte tiltak vil derfor ikke være i samsvar med føringene for teig 4 i grønn sone i forvaltningsplanen.

I de grønne sonene føres en streng dispensasjonspraksis, og en forsøker å holde disse områdene mest mulig intakte – både av hensyn til biomangfoldet, og av hensyn til det å beholde lite tilrettelagte områder der en kan oppleve naturen uten inngrep og forstyrrelser. Sonene gjelder både for tekniske inngrep og ulike aktiviteter, f.eks. organisert ferdsel og arrangement. Isolert sett vil kanskje ikke de daglige turene med relativt få deltakere som det her er søkt om ha stor innvirking på verneformålet og verneverdiene, forutsatt at det ikke er villrein i det aktuelle området den aktuelle dagen. Men å «åpne» opp for markedsdsføring av et nytt tilbud i et område der det ikke forekommer jevnlige guida turer i dag, og der ferdselen er relativt begrensa i dag, vil kunne danne presedens for andre firma/privatbedrifter som ønsker å gi tilsvarende tilbud.

I følge kunnskapsgrunnlaget for kvalitetsnormen for villrein i Vest-Jotunheimen, «*bruker bukken i all hovedsak områder øst for Tindevegen. De vestgående tverrdalene til Utladalen, ofte kalt «Maradalene», og areal på østsida av Hurrungane til og med Austanbotn og Botnanosi, samt Styggedalen i nordenden av Hurrungane, er regna som kjerneområder for bukk sommerstid. Dalene er frodige, har nærhet til bre og fonner, og er sjelden besøkt av folk. I starten av september begynner bukkene å trekke vestover mot Feigehalvøya for å blande seg med fostringsflokkene*. Som kjerneområde erStyggedalsområdet et viktig leveområde for villrein. Økt ferdsel i dette området som hittil har representert ei fredelig sone for dyrelivet vil kunne være til skade for villrein.

I følge verneforskrifta § 3 pkt. 5.2 må «organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta.» En evt. dispensasjon må derfor vurderes etter naturmangfoldloven § 48. Naturmangfoldlova (nml) § 48 setter svært strenge krav til når en dispensasjon eventuelt kan vurderes, men åpner for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig».* Begge vilkår må være oppfylt.

Dispensasjon *må* heller ikke gis om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instrukser fra overordna myndigheter spiller også inn. Bestemmelsen i nml. § 48 gir klar føring på at hensynet til verneverdiene skal være overordna andre interesser. Ved usikkerhet om hvilke virkninger tiltaket kan ha for verneverdiene, skal føre-var-hensyn (nml § 9) tillegges stor vekt i vurderingene.

Kunnskapsgrunnlaget er godt (jf. nml. § 8), bl.a. gjennom naturbase, kunnskapsgrunnlaget for delnorm 3, Kvalitetsnorm for villrein i Vest-Jotunheimen, og godt etablert

forvaltningspraksis med differensiert forvaltning knytta til de ulike sonene innen nasjonalparken.

De organiserte turene planlegges gjennomført i sommersesongen fra juli-midten av september. Reinsbukkene trekker ut av området først i starten av september, og slik sett vil de guida turene foregå på et uheldig tidspunkt og kunne ha en forstyrrende effekt på villrein i området. Føre-var-prinsippet (jf. nml. § 9) og den samla belastninga i nasjonalparken (nml. § 10) skal vurderes. Dersom det først blir gitt en tillatelse, må man regne med at flere guidefirma ser muligheten for at en dispensasjon er tilstede (økosystemtilnærming og samlabelastning). Presedensvirkningen av å åpne opp for guida turer i deler av kjerneområdet for villrein på et uheldig tidspunkt av året vil derfor kunne ha negativ virkning på leveområdet til villreinen og slik sett på verneformålet (føre-var-prinsippet). Villreinstammen blir stadig mer pressa av forstyrrelser som gjør at reinen trekker unna, og den sårbare villreinstammen får mindre og mindre urørte områder til disposisjon. Fragmentering av leveområde og forstyrrelser fra menneskelig aktivitet er de største truslene mot villreinen. En tillatelse til organisert ferdsel i grønn sone i forvaltingsplan på Styggebreen vil skape presedens og med det kunne gå ut over verneverdiene og verneformålet på sikt, jf. nml. § 10 om samla belastning. Tiltaket blir derfor vurdert å være i strid med naturmangfoldlova § 48, som understreker at en dispensasjon i medhold av denne regelen bare kan gis for tiltak som ikke er i konflikt med verneformål og som ikke vil gå ut over noen av de definerte verneverdiene.

Ut fra føre-var-prinsippet og prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning tilrås det å avslå søknaden om organisert ferdsel på Styggedalsbreen med hjemmel i verneforskrifta § 3 pkt. 5.2. De øvrige miljørettsprinsippene blir derfor ikke vurdert nærmere.

**Konklusjon**

Med bakgrunn i føre-var-prinsippet og prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning er det vurdert at det er stor sjanse for at tiltaket vil kunne ha vesentleg ulempe for villreinen sin bruk av viktige areal for villreinbukkene i Vest-Jotunheimen. Etter ei samla vurdering tilrås det at søknaden om organisert ferdsel på Styggedalsbreen avslås med hjemmel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.2. Det er lagt til grunn at tiltake vil kunne medføre skade på verneverdier og være i strid med verneformålet.

# Saksframlegg

**Arkivsaksnummer:** 2024/7552-3 **Saksbehandlar:** Eldrid Nedrelo **Dato:** 06.09.2024

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 39/2024 | 12.09.2024 |

# Jotunheimen NP - Avslag på søknad om dispensasjon - 2024 - Bruk av drone for filming - Visit Sognefjord

## Innstilling frå forvaltar

**Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, § 3 pkt 7.3, blir søknaden av 22.05.2024 om dispensasjon for bruk av drone for filming frå Nordre Dyrhaugstind, Soleiebotntind og Austanbottstindane i Hurrungane i Jotunheimen nasjonalpark avslått.**

**Villreinstammen i Vest-Jotunheimen er sårbar, og tiltak som bidreg til marknadsføring og auka trafikk inn mot dette området kan gå ut over verneverdiane og vere i strid med verneformålet. Det blir vist til vilkår sett i naturmangfaldlova § 48 om at dispensasjon berre kan gjevast for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig».* Begge vilkår må vera oppfylt.**

**Ein dispensasjon vil skape uheldig presedens og bidra til å kunne påverke verneverdiar og verneformål negativt. Ved å vise til §§ 9 og 10 i naturmangfaldlova om føre-var-prinsippet og omsynet til økosystemtilnerming og samla belasting, blir det ikkje gjeve dispensasjon for filming for produksjon av destinasjonsfilm, då dette vil skape uheldig presedens for seinare saker og medføre stor samla belasting på villreinområdet over tid.**

**Formålsparagrafen i verneforskrifta legg vidare til grunn at «***Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging».* **I forvaltningsplanen er det vektlagt å bevare Hurrungane og dei andre grøne sonene som område med villmarkspreg, der ein skal kunne oppleve naturen med minst mogleg uroing.**

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Søknad ved e-post av 22.05.2024 om dronefyking i område tilknytt Jotunheimen nasjonalpark.
- Delegert vedtak – Jotunheimen nasjonalpark – Dispensasjon – 2024 – Delvis innvilga – Bruk av drone for filming – Visit Sognefjord
- Tidlegare saker om dronar i Hurrungane som er behandla av nasjonalparkstyret eller AU.

## Saksopplysningar

### Søknaden

Visit Sognefjord ynskjer i sommar å få produsert opp foto/film kring dei nasjonale turistvegane og turmoglegheitene som berører Jotunheimen.

I den samanheng så er det ynskjeleg å nytte drone til nokre opptak der.

Områder:

**Vegar**
Sognefjellesvegen: Frå Bøvertun over til Turtagrø, med maks 200-300 meter ut til kvar side frå vegbana. (ca 4 timar og 10 flygningar) flyginga vil føregå på utvalde utsiktsstrekk

Tindevegen: Frå krysset ved Turtagrø over til Murane, med maks 200 meter ut til kvar side frå vegbana. (ca 2 timar og 5 flygningar) flyginga vil føregå på utvalde utsiktsstrekk

**Fjellturar:**
Fanaråken toppen ( ca 1 time 4 flygningar)
Nordre Dyrhaugstind topp ( ca 1 time 4 flygningar)
Soleiebotntind topp ( ca 1 time 4 flygningar)
Austanbotntind topp ( ca 1 time 4 flygningar)

Det er ynskjeleg å gjer dette etter hekkesesong. Og for området kring Tindevegen ved å hente inn informasjon i førekant ift. kvar reinen står. Det vert også teke omsyn til turfolk som evt. måtte være på fjelltoppane m.m.

Typisk tidspunkt er frå medio Juli og utover i godversperiodar i august/september, men me tilpassar oss sjølvsagt der det vert naudsynt.

Alt materiale vil som tidlegare oppdrag Visit Sognefjord har hatt i Nasjonalpark/Verneområde ( Ref: Utladalen i fjor) vil bli gjort tilgjengeleg for kommunar, Nasjonalpark, lokale reiselivsverksemder m.m.

Opptak vil bli gjort i høgoppløyseleg kvalitet, slik det femner om store bruksområder.

### Førebels svar på søknaden ved e-post frå forvaltar av 17.06.2024

*Hei, bruken av drone langs Sognefjellsvegen og Tindevegen vil ikkje berøre Jotunheimen nasjonalpark etter det eg kan sjå, då bilvegen er lenger enn 300 m frå nasjonalparkgrensa.*

*Vi gjer merksam på at på strekninga frå Bøvertun til om lag fylkesgrensa mellom Innlandet og Vestland oppe på fjellet vil de koma nærare grensa til Breheimen nasjonalpark på nordsida av vegen.*

*Vi tilrår difor at du kontaktar nasjonalparkforvaltar Aina Stokkenes eller Stein Magne Grevrusten i Breheimen for spørsmål om bruk av drone i det området. (Eg set dei på kopi her til orientering).*

*Eg vil sjå nærare på søknaden om filming på fjelltoppane i Jotunheimen så snart eg kan, du treng ikkje fylle ut noko søknadsskjema. Beklagar at det har teke ei stund før du no høyrer frå oss.*

### Høyring
Søknaden er sendt til uttale hjå Villreinnemnda for Sogn og Fjordane og Vest-Jotunheimen villreinutval ved e-post den 27. juni 2024. Det har ikkje kome innspel/merknader til saka.

**Delegert vedtak av 04.07.2024 – Jotunheimen nasjonalpark – Dispensasjon – 2024 – Delvis innvilga – Bruk av drone for filming – Visit Sognefjod**

I samband med handsaming av det delvis innvilga delegerte vedtaket vart det i telefonsamtale med søkjar gjort merksam på at deler av søknaden må handsamast som styresak, jf. delegeringsreglementet vedteke av Najsonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen av 11.05.2016. Sjå nedanfor under «Delegering».

# Heimelsgrunnlag

## Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltingsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 19.01.2024. Kurante saker som er i tråd med etablert forvaltingspraksis er delegert til forvaltar. Visit Sognefjord fekk i 2015 dispensasjon frå verneforskrifta i Jotunheimen nasjonalpark til helikopterflyging for filming frå helikopter innanfor grøn sone. Ved henvendingar frå medlemsbedrifter om spørsmål om bruk av dronar for filmnig innanfor nasjonalparken har det vore vist til at destinasjonsselskapet har filmmateriale som evt. kan nyttast.

Sidan har det vore behandla fleire liknande saker om bruk av dronar, også frå andre destinasjonsselskap, med avslag innan dei grøne sonene i forvaltingsplanen, der ein søker å halde områda mest mogleg fri for forstyrringar. Desse områda ønskjer ein heller ikkje skal bli marknadsført. Innan gule soner i forvaltingsplankartet er det derimot gjeve nokon dispensasjonar, føresett at dronefilminga føregår på ei tid av året då det ikkje uroar dyre- og fuglelivet.

Med bakgrunn i ein strengare forvaltingspraksis i dei grøne sonene sidan den førre søknaden frå Visit Sognefjord var handsama i 2015, vert den delen av søknaden frå Visit Sognefjord som omfattar grøn sone lagt fram som sak for nasjonalparkstyret.

## Verneformål – forskrift

Formålet med vern av nasjonalparken, jf. verneforskrifta § 1, er *«- - - å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som*
*inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- - - -
- *Leveområde for villreinen*
- - - -

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.14 har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken (§ 3 pkt. 7.3 om støy). Det er tolka at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje nokon spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak i verneforskrifta, og søknad om dispensasjon må behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4. Denne er avløyst av vurdering etter naturmangfoldlova § 48.

## Forvaltningsplan

Teksten i forvaltingsplanutkastet frå 2008 gir ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite utbreidd teknologi då planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og

liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014. Forvaltingsplanen deler verneområdet inn i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvaltingspraksis tek ein sikte på å ta vare på områda markert med grønt på forvaltingsplankartet mest mogleg uforstyrra.

Sonene gjeld både for tekniske inngrep og ulike aktivitetar, for eksempel bruk av dronar. Dronesøknader innan dei grønne sonene blir i hovudsak avslått, men også innan dei gule sonene må det gjerast ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle når det gjeld tidsrom med tanke på hekkesesong og sårbarheitsvurdering generelt. Kartutsnittet viser sonedelinga i forvaltingsplanen, der både Nordre Dyrhaugstind, Soleiebotntind og Austanbottstindane ligg i Hurrungane, dvs. grøn sone, teig 4.




## Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt <u>kan</u> vurderast, men opnar for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig».* Begge vilkåra må vera oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna myndigheiter spelar også inn.

Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Søknaden blir og vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

## Presedens

Det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i § 48 ikkje kan brukst for å utvide rammene gitt i vernevedtaket, og eventuell presedensverknad må difor vurderast nøye. Det er i tidlegare saker behandla av nasjonalparkstyret/arbeidsutvalet opna for avgrensa bruk av drone for filming/fotografering med formål felles marknadsføring av meir robuste delar av

verneområdet, i regi av reiselivsselskapa. Det er i desse sakene vektlagt om dei aktuelle områda toler marknadsføring, og det er sett tydeleg skilje mellom dei skjerma/sårbare grøne sonene og dei meir robuste områda vist med gult i forvaltingsplanen. Det er vanleg å setje vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv. I grøne soner blir det normalt ikkje gjeve dispensasjonar frå forbodet gjeve i verneforskrifta § 3 pkt. 7.3.

## Vurdering

Forbodet mot bruk av dronar har som formål å hindre forstyrring av dyrelivet og sikre moglegheita for ei uforstyrra oppleving av naturen. Naturmangfaldlova § 48 stiller i utgangspunktet strenge krav for ein eventuell dispensasjon frå reglane i verneforskriftene. I Miljødirektoratet sin rettleiar *Forvaltning av verneforskrifter (M106-2014)* er det presisert at kravet om at tiltaket «ikke skal påvirke nevneverdig» inner at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenserast «når tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene», f.eks. ved forbigåande forstyrringar eller enkeltstående aktivitetar eller tiltak.»

Dronefilminga i seg sjølv kan nok føregå utan vesentleg forstyrring når den er planlagt utanom hekke- og ynglesesong, men det må også vurderast korleis effekten av auka merksemd og marknadsføring av dei aktuelle områda kan medføre auka naturbelasting på sikt. Regelen i nml. § 48 gir klar føring på at omsynet til verneverdiane skal vere overordna andre interesser. Ved uvisse om kva verknader tiltaket kan ha for verneverdiane, skal føre-var-omsyn (nml § 9) tilleggast stor vekt i vurderingane.

Gjennom behandling av tidlegare saker om bruk av drone, er det av omsyn til verneverdiar og verneformål etablert praksis å unngå dronefilming innan dei grøne sonene i forvaltningsplankartet, også filming som skjer i regi av destinasjonsselskapa. Dette tilseier at ein ikkje vil gi løyve til filming med drone frå dei tre fjelltoppane som ligg i grøn sone i forvaltingsplanen i Hurrungane. Det er ingen restriksjonar på filming frå bakken, så marknadsføringseffekten kan nok i praksis nesten bli den same som ved bruk av drone. Likevel vil det vere i strid med verneforskrifta å gi dispensasjon for ein aktivitet som forskrifta set eit konkret forbod mot, og der ein ser at konsekvensane kan vere negative for verneformål og naturverdiar når ein ser på samla belasting over tid.

Filminga er planlagt etter hekkesesongen, frå medio juli og utover i godversperiodar i august/september. Det vert også teke omsyn til villrein ved å hente inn informasjon i forkant om kvar reinen står, og til turfolk som evt. måtte vere på fjelltoppane m.m. Sjølve filmopptaka vil kunne føregå utan at det går direkte ut over verneverdiane, då det er snakk om korte filmsekvenser. Bruk av drone har likevel eit potensiale for å forstyrre fugle- og dyrelivet, og forvaltinga får også henvendingar frå publikum som opplever droneflyging som sjenerande – og at det er i konflikt med forventninga om uforstyrra naturopplevingar i eit verneområde, jf. siste ledd i verneforskrifta § 1 (formålsparagrafen).

Mange organisasjonar, kommersielle aktørar og privatpersonar ønskjer å bruke Jotunheimen som lokasjon og bakteppe for sine filmopptak, og ettersom dronar er vorte svært vanlege blir det eit stort samla press dersom ein først opnar for å bruke drone for å få spektakulære bilete av naturen. Ferdsla vil kunne auke inn mot område som blir framheva i ein destinasjonsfilm. Det er derfor viktig at områda som blir valde ut kan tole auka ferdsel, og at det blir vist respekt for forvaltingsgrepa med å halde område med svært lita grad av tilrettelegging som fredelege soner for både fugle- og dyrelivet og for dei som ønskjer å oppleve naturen utan forstyrring frå andre.

Det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i § 48 ikkje kan brukast for å utvide rammene gitt i vernevedtaket, og eventuell presedensverknad må derfor vurderast nøye. Likebehandlingsprinsippet gjer at det kan bli vanskelig å skilje mellom dei mange aktørane

som ønskjer å filme innan nasjonalparken og landskapsvernområdet. Dei siste åra er det behandla mange dronesøknader både i Jotunheimen og Utladalen. I dei grøne sonene blir det normalt ikkje gjeve dispensasjonar frå verneforskrifta sitt forbod gitt i § 3 pkt. 7.3 når det gjeld kommersiell filming. Innan gule soner er det åpna for nokon produksjonar i regi av større aktørar som NRK, TV2 og programmer som 71 grader nord. Dette berre når aktiviteten blir lagt til område og sesong der ein kan forsvare både aktiviteten under filmopptaka og den moglege effekten i form av auka ferdsel i etterkant.

Det er i tidlegare saker behandla av styret/arbeidsutvalet opna for avgrensa bruk av drone for filming/fotografering med formål felles marknadsføring i regi av reiselivsselskapa, eller enkelte filmar/TV-produksjonar som bygger på utøving av enkelt friluftsliv, og der ein har vurdert belastinga som akseptabel sett i forhold til positive ringverknader for lokalt næringsliv. Det er i desse sakene vektlagt om dei aktuelle områda tåler marknadsføringa som dronefilmane bidreg til, og det er sett eit tydeleg skilje mellom dei sårbare grøne sonene og dei meir robuste områda vist med gult i forvaltingsplanen.

Kunnskapsgrunnlaget (jf. nml. § 8) er vurdert bl.a. gjennom naturbase, kunnskapsgrunnlaget for delnorm 3, Kvalitetsnorm for villrein i Vest-Jotunheimen, og godt etablert forvaltingspraksis med differensiert forvaltning knytt til dei ulike sonene innan nasjonalparken. Filminga i seg sjølv representerer ikkje noko stort problem når den er lagt til eit tidsrom utanom den mest sårbare hekke- og yngleperioden, men konsekvensane av å promotere området gjennom ein destinasjonsfilm må også takast med i vurderingane. Føre-var-prinsippet (jf. nml. § 9) og den samla belastinga i nasjonalparken (nml. § 10) skal også vurderast. Dronar er blitt ganske vanlege, og mange førespurnader og søknader om å få eit unntak for bruk av drone viser at det er svært mange som ønskjer å filme innan Jotunheimen og Utladalen. Dersom det først blir gjeve eit løyve, må ein rekne med at endå fleire vil oppfatte at moglegheita for ein dispensasjon er til stade – jf. presedensverknaden. Promotering av dette området vil kunne danne presedens, og medføre auka ferdsel i området til tider av året som kan vere særleg uheldig for villrein, jf. nml. § 9 (føre-var-prinsippet) og § 10 (økosystemtilnærming og samla belasting). Villreinstammen blir stadig meir pressa av forstyrringar som gjer at reinen trekker unna, og den sårbare villreinstammen får mindre og mindre urørte område til disposisjon. Fragmentering av leveområde og forstyrringar frå menneskeleg aktivitet er dei største truslane mot villreinen. Ut frå økosystemtilnærming og samla belasting blir det ikkje tilrådd å gje dispensasjon frå verneforskrifta for dronefilming som kan trekke endå fleire inn i dei grøne sonene, då det kan bidra til å auke trafikken i eit område der ein ønskjer å oppretthalde villmarkspreget, utan tilrettelegging eller spesiell promotering som kan resultere i auka ferdsel.

Dei tre toppane Visit Sognefjord ønskjer å filme frå ligg i Hurrungane, vist som teig utan ny tilrettelegging eller inngrep i forvaltingsplanen, og i omtalen står det m.a.:
*«Hurrunganeområdet er viktig for villreinen. Det er defor viktig at det ikkje vert gjennomført tilretteleggingstiltak som fører til auka ferdsel, og at tiltaka medverkar til at ferdsla held seg på faste stader.»*

Eit løyve i den grøne sona i dette tilfellet vil kunne redusere forståinga for at det er eit droneforbod og at forvaltingsplanen har strenge føringar for dispensasjonspraksis innan dei grøne sonene. Gjennom praksis som er etablert frå verneforskrifta vart revidert i 2014 har nasjonalparkforvaltinga lagt til rette for at område i Jotunheimen innan gul sone på visse vilkår kan brukast for filming i regi av destinasjonsselskapa og anna kommersiell filming, medan dei grøne sonene blir haldne fri for dispensasjonar som kan bidra til marknadsføring og auka ferdsel. Med dette har ein forsøkt å skape ein rimeleg balanse mellom bruk og vern, likebehandling og ein føreseieleg og konsekvent forvaltingspraksis. Gjennom klare retningslinjer har vi også klart å skape ei forståing for at nokre område blir haldne mest mogleg urørt ved å unnlate å opne opp for unntak frå vernereglane i desse sonene.

For å ta vare på verneverdiane i dette området i eit langsiktig perspektiv må det gjerast ei overordna vurdering av samla påverknad, og ikkje gjevast enkeltløyve som vil skape presedens for seinare søknader.

**Konklusjon**

Ut frå ei samla vurdering kan vi ikkje tilrå å gje dispensasjon i dette tilfellet. Den vesle villreinstammen i Vest-Jotunheimen er strekt pressa, og er sårbar for den stadig aukande ferdsla gjennom stadig større delar av året. Dronefilmar som promoterer området vil nå fram til svært mange, og kan bidra til å trekke endå fleire besøkande til området. Tiltaket blir derfor vurdert å vere i konflikt med naturmangfaldlova § 48, som understrekar at dispensasjon i medhald av denne regelen berre kan gjevast for tiltak som ikkje er i konflikt med verneformål og som ikkje vil gå ut over nokon av dei definerte verneverdiane. Villreinen er blant dei definerte verneverdiane, og sjølv om filminga vil føregå på ein måte som ikkje forstyrrar reinen direkte, kan marknadsføringseffekten skape auka trafikk til området – også i periodar då reinenn er svært sårbar for forstyrringar. Vidare inneheld formålparagrafen eit tilleggsformål om at ålmenta skal *«ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging».* Ettersom dronebruken har auka, har vi dei seinare åra fått fleire henvendingar frå publikum om at dei har opplevd forstyrrande dronebruk på turar langt til fjells, der dei meinte å kunne vere i fred for motoriserte aktivitetar. Dette understrekar at dispensasjonar innan dei villmarksprega områda av nasjonalparken ikkje er ei ønska utvikling.

Hurrungane ligg i grøn sone, teig 4, i soneinndelinga i forvaltningsplanen, og opning for bruk av drone for kommersiell filming i dette området vil vere i strid med etablert forvaltingspraksis. Filming i regi av destinasjonsselskapa og også anna kommersiell filming har vorte styrt til dei meir robuste områda vist med gult på sonekartet, og som også kan tåle den auka trafikken som kan følgje av at områda blir promotert i ein destinasjonsfilm.

# Saksframlegg

| Arkivsaksnummer: | 2024/8247-3 | Saksbehandlar: | Kari Sveen | Dato: | 29.08.2024 |
|---|---|---|---|---|---|

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 40/2024 | 12.09.2024 |

# Jotunheimen NP – dispensasjon – motorferdsel - 2024-2025 - restaurering av gamle Vågåbue - Vågå Fjellstyre

## Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen registrerer restaurering av Vågå-bue som direkte heimla tiltak i samsvar med § 3 pkt 1.2 a) i verneforskrift for Jotunheimen NP. Hytta blir restaurert til mest mogleg opphavleg tilstand med gjenbruk av materialane som framleis kan nyttast, og tiltaket har tilslutnad frå fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt.

For taktekking er bruk av stadeigen torv vurdert som miljømessig beste løysinga, og det blir med heimel i naturmangfaldlovas § 48, første ledd, første alternativ gjeve dispensasjon for uttak av torv til både den gamle Vågåbue og til fjellstyrehytta med følgjande vilkår:

1. Torv kan stikkast på godt grasdekt areal i nærleiken av hytta. Uttaket skal skje i striper på inntil ein halvmeters breidde og med minst tilsvarande breidde på arealet mellom stripene. Jord/vegetasjonsmateriale som blir att etter torvmattene og restar av dei gamle torvtaka kan strøast utover stripene – jf. naturmangfaldlovas § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode. Plasser torvuttaket i god avstand frå den gamle Vågå-bue.

2. Med heimel i § 3 pkt. 6.3 f) og nml § 48 får Vågå fjellstyre dispensasjon for bruk av snøskuter og motorbåt for nødvendig transport i samband med nedtaking og gjenoppføring av den gamle Vågåbue ved Gjendebu.
   a) Eksisterande hytte blir demontert hausten 2024 og frakta ut av verneområdet for nødvendig restaurering hos Tessa Tre AS, i tråd med innsendt prosjektplan.
   b) Transport med snøskuter og slede skjer på etterjulsvinteren 2025, når det er trygg is på Gjende. Det vil i tillegg vera behov for bruk av motorbåt for nødvendig transport av utstyr og mannskap i byggeperioden. Vågå fjellstyre vurderer eventuell samordning med andre oppdrag.
   c) Motorisert ferdsel planleggjast godt for best mogleg utnytting av kapasiteten, og slik at ein unngår transport på helgedagar og i påska, jf. føringar i forvaltningsplanen.
   d) SNO v/ Stein Windingstad varslast om transportperioder ved SMS eller e-post seinast dagen før(mobilnr. 957 09 933 / e-post stein.olav.windingstad@miljodir.no)

3. Etter bygging skal alt utstyr og bygningsmaterialar som er til overs ryddast og transporterast ut av verneområdet, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 7.1.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Søknad av 10.07.24 frå Vågå fjellstyre om restaurering av gamle Vågå-bue, vedlagt prosjektplan og innhenta uttale frå fylkeskommunen
- Tilleggsopplysningar ang. torvuttak ved e-post 10.07.24.
- Utgåande e-post av 26.07.24 med orientering om kva som er søknadspliktig og ikkje.
- Uttale datert 02.07.2024 frå Innlandet fylkeskommune – avd. Kultur - Bygg og landskap
- Referat frå synfaring med fjellstyret 30.06.2022.
- Statskogs nettside - pressemelding av 08.07.24 *«Vågåbue i ny drakt»*

## Saksopplysningar

Søknaden frå Vågå fjellstyre har følgjande ordlyd:

*«Vågå fjellstyre søkjer om å få totalrenovere gamle Vågåbue i vestenden av Gjende innanfor Jotunheimen nasjonalpark etter nærare prosjektbeskriving. Det søkast samstundes løyve til nødvendig transport med snøskuter og motorbåt i forbindelse med restaureringa. Behovet for transport melder seg i hovudsak til uttransport og inntransport av bua i forbindelse med restaurering og nødvendige synfaringer/arbeid i forkant av dette. Vågå fjellstyre vil sjølv delta aktivt i denne delen av arbeidet.*

*Etter samtale med nasjonalparkforvalter Kari Sveen er det innhenta fagleg fråsegn frå Innlandet fylkeskommune i forbindelse med planane som ligg vedlagt. Vågå kommune v/ byggesaksbehandler har vurdert dette for å være ei restaurering som ikkje treng særskild løyve etter plan- og bygningslov, eller andre kommunale planverk/bestemmelser.*

*Tessa Tre AS v/ Svein Arne Tessneset er ansvarlig entreprenør/fagkyndig for prosjektet. Han har utarbeid prosjektbeskriving og kostnadsoverslag som ligg vedlagt. Start for prosjektet vil være haust/vinter 2025. Nedtaking og klargjøring av bua for uttransport vinter 2025, planlegges gjennomført mot sluten av agust/begynnelsen av september 2024.*



***Figur 1**: Bua slik ho framstår i dag. Foto: Oskar Pettersen*

***Om bua og kort prosjektbeskriving***
*Vågå fjellstyre står i dag som eigar av bua. Fjellmann og jeger Jo Gjende var sentral i bygging av bua i tida rundt 1850. Bua vart nytta som utgangspunkt i fjellet for reinsjakt og fiske i Jotunheimen. Bua er eit unikt kulturminne for jakt- og fangsthistoria i området, og er eit av dei siste spor etter denne «legendariske» fjellmannen.*

*Bua vart sist restaurert i 1959, men er generelt i dårleg forfatning med skader på tømmer, tak, golv og peis. Bua skal gjenoppførast i sin opphavelege stand, og med mest mogleg gjenbruk av alle bygningsdelar. Den skal plasserast på nøyaktig same stad som bua står i dag. Bua vil bli tatt ned og frakta til bygds, der vøling/restaurering av stokkar osv. vil skje.*

*Bua er eit kulturhistorisk minne for jakt og fangsthistoria i området. Det er viktig for fjellområdet at minner etter Jo Gjende og hans samtid, også kan finnast i det området han levde og jakta i. Det vil bli laga ein eigen informasjonsplakat om bua og Jo Gjende for å vidareformidle denne kunnskapen.»*




***Figur 2**: Oversiktskart og buas plassering (rød ring)*

Tessa Tre frå Vågå har etter synfaring med fjelloppsynet hausten 2023 gjort ei grundig tilstandsvurdering av bygget og utarbeidd kostnadsoverslag.

Tiltaket har fått 212.500 kroner i støtte frå grunneigarfondet i Statskog.

Fylkeskommunen har gjeve fagleg tilslutnad: *«Det omsøkte bygget er et viktig kulturhistorisk bygg, og det er flott at det gjøres en innsats for å sette det i stand. Vi støtter de vurderingene som er gjort rundt nødvendige tiltak, og vurderer planene for gjennomføring som gode.»*

# Heimelsgrunnlag

## Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av sist reviderte vedtekter av 19.01.2024

## Verneformål – forskrift

Verneforskrift for Jotunheimen NP, revidert 14.11.14 slår fast at det skal vera eit generelt vern mot inngrep i landskapet (§ 3 pkt. 1.1 ).

§ 3 pkt. 1.2 slår fast at reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

*a) Vedlikehald av bygningar, anlegg og innretningar som ikkje fører til bruksendring. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal byggeskikk og tilpassast landskapet.*

§ 3 pkt. 6.3.1 set forbod mot motorferdsel: *«Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»*

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 3 pkt. 6.3 f) gje løyve til:
*«Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar.»*

§ 3 pkt. 7.1 set forbod mot ureining. Det vil bli stilt krav om rydding av byggeplass.

§ 3 pkt. 2.1 vernar plantlivet:*«Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot all skade og øydelegging. Såing og planting av tre og annan vegetasjon er forbode.»*

Verneforskrifta gjev ikkje heimel for uttak av torv. Pkt. 2.3 b) opnar for at det kan gjevast løyve til *«Planting og såing i samband med revegetering»,* og fornying av torvtak kan i ein viss grad samanliknast med revegetering. Likevel er det nok formelt mest korrekt å behandle torvuttak etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. etter naturmangfaldlova § 48.

## Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova (nml) § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig».* Begge vilkår må vera oppfylt.

Søknaden blir og vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

## Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift av 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Planen deler verneområda i ulike soner.




Overordna strategi i brukssone er at eksisterande tilrettelegging kan haldast ved like eller fornyast.

<u>Kulturminne</u>
Retningslinjer i Kap. 7.2 - *KULTURMINNE OG KULTURLANDSKAP* - legg til grunn at ein skal *«ta vare på verdfulle kulturminne og verdfullt kulturlandskap og bygningsmiljø i verneområda»*. Fylkeskommunen si rolle som kulturvernstyresmakt er understreka: *«All forvaltning av kulturminne skal skje i samarbeid med kulturavdelinga i fylkeskommunen.»*

<u>Motorferdsel:</u>
Kap. 8.15.5 gjev m.a. desse føringane for dispensasjonspraksis for motorferdsel:
*«Med bakgrunn i verneforskriftene bør utgangspunktet for motorferdsel vere ein streng dispensasjonspraksis. Følgjande vilkår vil bli lagt til grunn for motorisert ferdsel:*
*a) søknaden skal vere skriftleg.*
*b) det vil vere vanskelegare å få dispensasjon i sone utan tilrettelegging og inngrep, og i område og til årstider og til tider då det er mange som ferdast i eit område, som i fellesferiar, høgtider og helgedagar og evt midt på dagen).*
*c) dispensasjon for barmarkskøyring vil som hovudregel ikkje bli gjeve.*

*d) transportbehova skal samordnast.*
*- - -*
*f) for private hytter i verneområda vil det bli følgt ein restriktiv dispensasjonspraksis. Transport av materialar til vedlikehald av hytter vil normalt bli gjeve. - - -»*

### Presedens

Vedlikehald/restaurering er heimla i verneforskrifta, og er i samsvar med forvaltningsplan. Bruk av stadeigen torv der det er godt utvikla grasmark vil vera beste miljømessige løysinga, og det vil også vera i fullt samsvar med gamal byggeskikk og bruk av stadeigne ressursar. Etablert praksis er å gje løyve til nødvendig motorferdsel knytt til vedlikehald av bygningar.

## Vurdering

Vågåbue er i dårleg stand og treng ei fullstendig restaurering (sjå fotovedlegg). Det er gjeve tilskott frå grunneigarfondet i Statskog, men fjellstyret vil sjølve bera ein vesentleg kostnad. Det er svært positivt av fjellstyret tek ansvar for å ta vare på dette kulturminnet, som ikkje berre representerer eit bygg av kulturhistorisk verdi, men også har stor immateriell verdi gjennom den historiske tilknytinga til den legendariske fjellmannen Jo Gjende. Føring i forvaltningsplanen er at slike verdifulle kulturminne i nasjonalparken skal takast vare på.

Bua vil bli teke ned, restaurert og sett opp att på same plass som før, så det blir inga endring i landskapsbiletet. Restaureringa er derfor vurdert som vedlikehald som er direkte heimla i verneforskrifta § 3 pkt. 1.2 a). Fjellstyret har fått tilbakemelding på dette.

Tessa Tre har gjennomført synfaring og gjort ei grundig tilstandsvurdering og plan for restaureringa, og fylkeskommunen har gjeve tilslutnad til det planlagde tiltaket.

Torvtaket er i svært dårleg forfatning, og må skiftast. Dette gjeld også for sjølve fjellstyrehytta ved sida av Vågåbue. Tradisjonelt har torv vorte teke ut på eigna plass i nærleiken av bygg der torva skal brukast, og dette vil vera beste løysinga – både for å få eit mest mogleg autentisk bygg og for å unngå tilføring av planter utanfrå. Samtidig vil ein minimere behovet for motorisert transport. Det er godt vegetasjonsdekke rundt fjellstyrehytta og Vågåbue, og dersom torva blir teke ut på ein måte som legg til rette for reetablering av grasmarka, vil inngrepet om få år vera heilt usynleg. Ein har god erfaring med å ta ut torva i striper på ein halvmeters breidde, slik at graset lett kan gro inn att frå sidene.

Søknaden er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- § 8 Kunnskapsgrunnlaget:
  Det er relativt god kunnskap om området, og saka gjeld restaurering av ei hytte med stor kulturhistorsk verdi. Bruk av stadeigen torv vil gje hytta det autentiske preget, og ein sikrar samstundes at det ikkje kjem inn nye artar som kan skje ved bruk av innkjøpt torv.Torvuttak på eigna plass vil ikkje gje varige negative konsekvensar for naturmangfaldet. Under synfaring saman med fjellstyret 30.06.2022, der restaureringsplanane først var lufta, såg ein at det låg godt til rette for å finne nok torv på grasrike parti i nærleiken av hyttene til fjellstyret. Naturbase (24.07.24) viser ikkje registrerte førekomstar av ansvarsartar eller andre trua eller sårbare artar.
- § 9 Føre-var prinsippet:
  Kunnskapsgrunnlaget – jf. nml. § 8 – er vurdert som godt nok til å vurdere saka, og det er såleis ikkje behov for å bruke føre-var-prinsippet (nml. § 9).
- § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:
  Hyttene er ikkje så store, så uttaket vil ikkje gje stor belastning lokalt. Det er heller ikkje mange andre bygg med torvtak som krev tilsvarande vedlikehald innan verneområdet, så samla belastning (jf. nml § 10) vil vera akseptabel. Bruk av stadeigen torv der det er godt

utvikla grasmark i nærleiken blir ikkje vurdert å skape uheldig presedens. Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis for motorferdsel, men det vil vera behov for noko skutertransport for gjennomføring.

- § 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar:
  Dersom det ikke er tilfredsstillende rydda etter byggearbeidet, kan tiltakshaver bli pålagt rydding, jf. naturmangfaldlova § 11.
- § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:
  Planlagt utføring med restaurering av bygningen på verkstad vil gje ein konsentrert byggeperiode og minimal fare for terrengslitasje på byggeplassen.
  Uttak av torv på staden er ei miljømessig god metode framfor å transportere kjøpt torv inn i verneområdet – jf. naturmangfaldlova § 12. Ved bruk av stadeigen torv unngår ein tilførsel av andre artar og ein reduserer transportbehovet vesentleg. Transport på vinterføre og eventuelt med båt på Gjende for gjennomføring av tiltaket medfører lite belastning samanlikna med øvrig transport knytt til reiselivsverksemda rundt Gjende.




Det er viktig med god utnytting av kapasitet for å minimere omfanget av motorferdsel og tilpassing av transporten i tid for å gje minst mogleg ulemper i høve til naturmiljø og andre brukarinteresser. Skissert framgangsmåte med bruk av snøskuter vil gje liten påverknad på andre interesser. Motorferdsla vil skje i same tidsrom som annan lovleg vintertransport på Gjende-isen og vil ikkje gje merkbar merbelastning. Ved avslutning av byggearbeidet skal evt. søppel fraktast ut for å tilfredsstille krav om rydding av byggeplassen, jf. forskrifta § 3 pkt. 7.1 som set forbod mot ureining. Transporttrase og tidsrom må leggjast opp slik at ein tek best mogleg omsyn til fugl og vilt.

Vågå kommune har som forvaltningsstyresmakt etter plan- og bygningslova vurdert at restaureringa ikkje krev særskild behandling etter plan- og bygningslova. Når det gjeld behandling etter motorferdsellova så er det opp til kommunen å vurdere om transporten kan vera direkte heimla i nasjonal forskrift til motorferdsellova eller om det krev eiga behandling.

**Konklusjon:**

Det er positivt av fjellstyret tek ansvar for å ta vare på eit verdifult kulturminne, som har både materiell verdi og immatriell verdi knytt til historia om Jo Gjende. Nedtaking og restaurering

hos kvalifisert laftefirma vil sikre kvalitet på arbeidet og vil gje minst mogleg trafikk og belastning innan nasjonalparken. Tiltaket vil ikkje medføre belastning på naturmiljøet, bortsett frå litt auka aktivitet og motorferdsel knytt til byggeperioden.Tiltaket vil ikkje påverke landskapet eller verneverdiane i vesentleg grad, og ein dispensasjon vil ikkje vera i strid med vilkåra for bruk av naturmangfaldlova § 48 som dispensasjonsheimel.

<u>Fotovedlegg:</u>

Foto frå synfaring i 2022 viser at det er behov for utskifting av torvtaket også på sjølve fjellstyrehytta, og at det er god tilgang på grasrik vegetasjon i nærleiken av hyttene:



Foto frå synfaring 30. juni 2022 understrekar behovet for vedlikehald på Vågåbue:

















# Saksframlegg

**Arkivsaksnummer:** 2024/7205-4 **Saksbehandlar:** Eldrid Nedrelo **Dato:** 06.09.2024

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
| --- | --- | --- |
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 41/2024 | 12.09.2024 |

# Utladalen LVO - Dispensasjon - 2024 - Bruk av torv fra Dovre til tak på bygg i Lauvhaugen - Lars Ove Skorpen

## Innstilling fra forvalter

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen avslår søknaden fra Lars Ove Skorpen om å bruke torv fra Dovre/østlandet i stedet for stedegen torv. Avslaget er gjort med hjemmel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 2.1. Tiltaket er vurdert til å kunne være til skade for verneverdiene og verneformålet.

Med henvisning til §§ 9 og 10 i naturmangfoldloven om føre-var-prinsippet og hensynet til økosystemtilnærming og samla belastning, blir det ikke gitt dispensasjon for bruk av torv fra Dovre/østlandet, da dette vil kunne medføre innføring av nye arter til området.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Søknad fra Lars Ove Skorpen om bruk av torv fra Dovre i steden for torv fra stedet til tak på bygg i Lauvhauven, e-post av 28.08.24.

## Saksopplysninger

### Søknaden

*Viser til samtale i dag og søker med dette om å kunne bruke torv fra Dovre isteden for torv fra stedet.*

*Begrunnelsen fra min side er som følger:*

- *Jordsmonnet på Lauvhaugen er ganske skrint og det vil såleds være en fordel å bruke alternativ torv.*
- *Slik jeg forstår det så er risikoen for spredning av arter som ikke er på steden minimal da disse vil dø ut over tid i den grad de er i torven fra Dovre.*
- *Vi unngår også på denne måten dype sår i terrenget som tar mange år å bli reparert.*
- *Det har også vist seg umulig å få til utgraving av torv i høst da ingen har kapasitet til å gjøre dette. Det er essensielt å få dette på plass i høst slik at torven kan sette seg allerede i år før snøen kommer.*
- *Ormelid Gard har valgt å benytte dette begrunnet i arbeid og skrint jordsmonn.*
- *Stokk&Stein har torv fra Dovre klar slik at denne kan legge ifbm. oppmontering av laftabyggene.*

- *Vi har også en utfordring med logistikken ift uttak av lokal torv pga. da vi ikke vil kunne komme lett til med traktor - dette gjør at den trolig må kjøres med trillebår. Noe som er svært arbeidskrevende.*

*Ulf Ryen er i cc på denne mailen. Har du noe å legge til her?*

Forvalter kontakta Ulf Ryen samme dag for å høre om det er snakk om tilføring av naturlig torv fra Dovre. I følge Ryen er det snakk om torv fra frøblandinger, og disse kan stamme fra østlandet.

Forvalter orienterte deretter Skorpen om regelen i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 2.1 om at «innføring av nye planteartar er forbode» og formaliteter knytta til en evt. dispensasjonssøknad.

I sak 2024/7205 Utladalen LVO - Dispensasjon - 2024 - Uttak av torv til tak på bygninger i Lauvhaugen - Lars Ove Skorpen av 27.06.24, ble det gitt dispensasjon til uttak av torv til nytt torvtak på den gamle lafta løa og Stabburdet i Lauvhaugen.

## Hjemmelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhold av reviderte vedtekter gjeldende fra 19.01.2024. NP-styret har i møte 11. mai 2016 delegert til nasjonalparkforvalter å gjøre vedtak i kurante saker etter de spesifiserte dispensasjonsreglene og i saker etter naturmangfoldloven § 48 med etablert forvaltningspraksis. Saken må behandles etter naturmangfoldloven § 48. Det foreligger ikke etablert forvaltningspraksis for problemstillingen som denne saken tar opp, og saken legges derfor fram for nasjonalparkstyret.

### Verneformål – forskrift

*Formålet med Utladalen landskapsvernområde er «å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknyting til Jotunheimen nasjonalpark.*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.*
- *---*
- *naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogslier til høgfjell og artar knytte til desse.*
- *---*

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

*2. Plantelivet*
*2.1 Vern av plantelivet*

*Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging som kan endre landskapet sitt særpreg og karakter vesentleg. Innføring av nye planteartar er forbode. For dyrka mark gjeld forbodet mot innføring av nye planteartar, berre planteartar som gjennom spreiing kan redusere verneområdet sin verdi.*

Det er ikke noen spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak i verneforskrifta, og søknad om dispensasjon må derfor behandles etter den generelle dispensasjonshjemmelen i § 4. Denne er avløst av vurdering etter naturmangforldloven § 48.

## Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet deler verneområdene i ulike soner, etter tilretteleggingsgrad. Lauvhaugen ligger i brukssone i teig 11 – *Heimre Utladalen* – i Utladalen LVO.




*«I den heimre delen av Utladalen, til og med Vettismorki- og Fleskedalenområdet, er det mange kulturminne og eit spesielt kulturlandskap som fortel om tidlegare bruk av området. ..» (kap. 6.3.4.).*

Følgende retningslinjer gjelder for Brukssone, Teig 11: Heimre Utladalen *Retningslinjer: Heimre Utladalen har store kvalitetar m.o.t. kulturlandskap og nyare kulturminne. Skjøtselsplanen for Heimre Utladalen legg føringar for arbeidet med skjøtsel og ivaretaking av kulturminne og kulturlandskap. Ved tilretteleggingstiltak og restaurering av byggverk og stiar skal tidlegare standard og utforming vere retningsgjevande.*

***Overordna strategi for sona:*** *Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endringar skal ikkje koma nye tiltak som merkte stiar, byggverk m.m (vil berre bli vurdert i heilt spesielle tilfelle).*

## Naturmangfoldlova

Naturmangfoldlova (nml) § 48 setter svært strenge krav til når en dispensasjon eventuelt kan vurderes, men åpner for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig».* Begge vilkår må være oppfylt. Dispensasjon *må* heller ikke gis om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instrukser fra overordna myndigheter spiller også inn.

Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikke brukes for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uforutsatte eller spesielle tilfeller som ikke var vurdert på vernetidspunktet.

Søknaden blir også vurdert etter de miljørettslige prinsippene i naturmangfoldlova §§ 8-12.

## Presedens

Det har tidligere blitt lagt torv på takene på de lafta bygningene i Lauvhaugen, slik det var også i Vetti og i Avdalen og andre steder innenfor Utladalen landskapsvernområde. Det er etablert praksis å bruke stedegen torv.

Bruk av torv fra frøblanding som stammer fra østlandet/Dovre vil kunne medføre introduksjon av nye arter. Ved å gi tillatelse i denne saka vil vi måtte regne med å få flere henvendelser far andre eiere av bygninger som også ønsker å benytte seg av tilført torv. Bruk av torv fra østlandet/Dovre vil derfor kunne medføre uheldig presedens i andre saker.

## Vurdering

Lauvhaugen gård ligger sørvest for Vetti gard i Utladalen, i et verdifullt kulturlandskap med beitebruk, gårds- og stølsbygninger og kulturminne. Gårdsbygningene er en del av verneformålet i Utladalen landskapsvernområde, og det er av stor verdi at disse blir vedlikeholdt for at helheten i kulturlandskapet blir tatt vare på.

Det søkes om å tilføre torv som har sitt opphav fra frøblanding fra østlandet. I andre tilfeller der det har blitt lagt nytt torvtak på takene på bygninger i Utladalen har det blitt brukt stedegen torv. Det er altså tradisjon for å ta ut torv til torvtak på eldre bygninger i dette området. Ved å bruke torv fra en frøblanding med opphav fra østlandet i Utladalen kan man risikere å få tilført nye arter til området, som ikke finnes i området/regionen fra før. Med utgangspunkt i verneforskriften § 3 pkt. 2.1 som slår fast at *..Innføring av nye planteartar er forbode»* vil tiltaket derfor kunne være forbudt.

En evt. dispensasjon må derfor vurderes etter naturmangfoldlova § 48 første ledd. Naturmangfoldlova (nml) § 48 setter svært strenge krav til når en dispensasjon eventuelt <u>kan</u> vurderes, men åpner for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig».* Begge vilkår må være oppfylt.

Dispensasjon *må* heller ikke gis om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instrukser fra overordna myndigheter spiller også inn. Bestemmelsen i nml. § 48 gir klar føring på at hensynet til verneverdiene skal være overordna andre interesser. Ved usikkerhet om hvilke virkninger tiltaket kan ha for verneverdiene, skal føre-var-hensyn (nml § 9) tillegges stor vekt i vurderingene.

Kunnskapsgrunnlaget er godt dokumentert (jf. naturmangfaldlova § 8) bl.a. gjennom naturbase, økologisk grunnkart og Framlegg til skjøtselsplan av 08.05.2013. Gjennom arbeidet med skjøtselsplan er det kartlagt en rekke naturtyper i Utladalen, bl.a. naturbeitemarker og slåtteenger. Det finnes naturtyper av både lokal, regional og nasjonal verdi, med arter som er karakteristiske for disse naturtypene. Artsinnholdet i torva fra Dovre som er tenkt brukt på takene er ikke kjent, men stammer mest sannsynlig fra frøblanding fra østlandet. Man kan f.eks. risikere at nye arter kan fortrenge stedegne arter, og slik sett kan innføring av nye arter være en trussel mot det biologiske mangfoldet og *«naturmangfaldet som pregar landskapet».* Derfor vil innføring av nye arter kunne være en trussel mot verneverdiene og verneformålet. Føre-var-prinsippet (jf. nml. § 9) og den samla belastninga i landskapsvernområdet (nml. § 10) skal vurderes i slike saker. Det er usikkert om nye arter vil kunne følge med torva, og føre-var-prinsippet kommer derfor til anvendelse. Dersom det først blir gitt en tillatelse må man regne med at flere tiltakshavere ser muligheten for at en dispensasjon er tilstede (økosystemtilnærming og samla belastning). Presedensvirkningen av å åpne for bruk av torv fra Dovre/østlandet vil være uheldig. Flere tillatelser vil øke sannsynligheten for at det kan bli innført ikke stedegne arter, noe som vil kunne gå ut over verneverdiene og verneformålet på sikt. Tiltaket blir derfor vurdert å være i strid med naturmangfoldlova § 48, som slår fast at en dispensasjon bare kan gis for tiltak som ikke er i konflikt med verneformål og som ikke vil gå ut over noen av de definerte verneverdiene.

Ut fra føre-var-prinsippet og prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning tilrås det å avslå søknaden om bruk av torv fra Dovre med hjemmel i verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. De øvrige miljørettsprinsippene blir derfor ikke vurdert nærmere.

**Konklusjon**

Etter ei samla vurdering kan det ikke anbefales å gi dispensasjon i dette tilfellet. Bruk av torv fra Dovre/østlandet kan medføre spredning av nye arter i området. Nye arter vil kunne være uheldig for det biologiske mangfoldet og naturmangfoldet som preger landskapet, og dermed også for verneformålet. Føre-var-prinsippet (nml. § 9) og prinsippet om samla belastning (nml. § 10) er vektlagt i vurderingen.

Tiltaket er vurdert til å være i strid med verneformålet og å kunne påvirke verneveridene nevneverdig, og vilkårene for å gi dispensasjon i medhold av nml. § 48 er dermed ikke oppfylt.

**ST 42/2024 Eventuelt**